

# Årsrapport for 2021

Stavanger biskop og bispedømmeråd



Foto: Olaf Grødem



**DEN NORSKE KYRKJA**  
Stavanger bispedømme

# Innhald

<b>I</b>		Vurdering frå leiarane	3
<b>II</b>		Introduksjon til bispedømmet og hovudtal frå verksemda	5
		Nøkkeltal frå bispedømmet	6
<b>III</b>		Årets aktivitetar og resultat	7
	A	Samla oversikt over resultat, måloppnåing	7
		Ressursbruk	8
	B	Resultatmål og nøkkelindikatorar	9
	1.	Gudstenesteliv	9
		Kyrkjeleg vigsel	11
		Kyrkjeleg gravferd	12
		Samisk gudstenesteliv	13
	2.	Dåp og trusopplæring	15
		Oppslutning om dåp	15
		Oppslutning om trusopplæringstiltak	18
		Oppslutning om konfirmasjon	21
		Trusopplæring for vaksne	23
		Tilbod til unge	25
		Ungdomsdemokrati	26
	3.	Kunst og kultur	27
		Kor	29
		Opne kyrkjer	30
	4.	Kyrkje og samfunn	31
		Diakonal betjening	31
		Fellesskap for nye i Noreg	31
		Religionsdialog	33
		Digitalt nærvær	34
		Kyrkja i det offentlege rommet	40
		Kyrkje-skule-barnehage-samarbeid	44
		Inkluderande kyrkjeliv	45
		Diakoni og bærekraftsmål	47
		Pilegrimar	51
		Misjon	52
	5.	Rekruttering og frivillig innsats	53
		Rekruttering til vigsla stillingar	53
		Frivillig teneste	55
		Inkluderingsdugnaden	57
		Bemanning – presteskap og administrasjon	57
	C	Biskopen si verksemd	59
<b>IV</b>		Styring og kontroll i verksemda	60
	A	Helse, miljø og tryggleik	60
		Sjukefråvær	60
	B	Likestilling	61
	C	Vurdering av risikoen for misleghald	62
<b>V</b>		Vurdering av framtidsutsikter	63
<b>VI</b>		Årsrekneskap	66

## I. Vurdering frå leiarane

2021 blei år to av ein pandemi. Opning blei til nedstenging. Ordinær drift og utvikling blei erstatta av krisehandtering og smitteverntiltak. Aktivitetar måtte finna nye former eller gå på nødbluss.

Resultata for 2021 viser at det er vanskeleg å ha som kjerneverksemd å samla folk når det er akkurat det ein skal gjera mindre av. Det har spesielt vore vanskeleg at alle planar har vore usikre. Året har bølga fram og tilbake, med ein blanding av gjennomførte og utsette tiltak, glede over gode idear som fungerer og ei kjensle av at nå har det vore tungt for lenge - men me brettar opp ermene og står i det ein runde til.

Fleire prostar seier at ambisjonsnivået og kapasiteten til nytenking har vore lågare enn i starten av pandemien. Mykje tid har gått til smitteverntiltak. Fleire snakkar om slitasje blant kyrkjelege medarbeidarar, ikkje minst fordi ein har hatt lyst til å gjera mykje ein ikkje har kunne. Prosten i Karmøy skriv at *«Alle forsøk på å foreta strategiske valg, og å jobbe med vekst og utvikling av menighetsarbeidet i prostiet ble delvis spolert eller sterkt begrenset av pandemien.»*

Domprosten melder likevel om imponerende omstillingsevne blant dei tilsette. Denne evna har nok ofte gått saman med ei kjensle av at året ikkje har vore enkelt, men ein har stått på likevel.

Prosten i Karmøy beskriv også godt det fleire har sagt om hausten 2021. «Gjenåpningen førte til en enorm aktivitet i menighetene. Ikke minst krevde gjennomføring av utsatte konfirmasjoner og oppstart av nye konfirmantkull mye av de ansatte. Mye energi gikk til å glede seg over tilbakevendte muligheter samtidig som «normal drift» skulle på plass på et øyeblikk.»

Året har hatt nokre høgdepunkt. Ny kyrkje på Tau i Strand kommune blei vigsla 12. september. Den nye kyrkja har blitt eit staseleg og praktisk kyrkjebygg midt i sentrum av soknet. Strand kommune, mange små og store gjevarar og eit utal dugnadstimar har gjort kyrkja mogleg. Kyrkja har allereie blitt ein møtestad mange brukar.

Sandnes kommune har sett av 50 millionar til ny kyrkje i Ganddalen sokn. Trufast arbeid i ein lang periode for å bygga kyrkjelyd i eit nytt bustadområde har nå gjeve grunnlag for planar om ny kyrkje. Prest og folk til å fylla kyrkja med liv er på plass.

Randaberg kyrkjelyd fekk trusopplæringsprisen for 2021, for KAOS-kyrkje, ei tilpassa gudsteneste for små barn og familiane deira. Gudstenesta inneheld formingsaktivitetar, formidling av bibeltekst, spørsmål til samtale, songar, liturgiske ledd og kreative innslag. Dette tiltaket er ein suksess lokalt, og me merkar interessa frå fleire stader for å prøva noko liknande.

Eit viktig resultat frå 2021 er at trusopplæringa har stått sterkt gjennom pandemien. Oppslutninga i prosent er nærast den same som før. Kyrkjelydane har gjort eit flott arbeid, med å nytta periodar med opning for arrangement og finna nye former for kontakt i dei periodane vanlege tiltak ikkje har vore moglege. I stort har me gått frå at trusopplæring er ei nysatsing til at det er ein fast del av oppveksten for ei brei gruppe av barn og unge. Kanskje viser dette seg i at den yngste delen av medlemmane i medlemsundersøkinga er meir positive til kristen tru en generasjonen over seg.

Det har vore meir utfordrande å halda på oppslutninga om gudstenester. Alle kyrkjelydar ønsker seg fleire faste og sporadiske kyrkjegjengarar, men det viser seg vanskeleg å gjera gudstenesta til ein brei arena for nyrekruttering. Mange kjem til dåp, konfirmasjon og trusopplæringsgudstenester, men færre har kyrkjegang som vane. Me brukar mykje ressursar på sundagen, utan at dette til nå resulterer i målbar vekst. Snarare ser me at fleire kyrkjelydar er bekymra for oppslutninga om hovudgudstenesta, særleg blant unge.

Me ser trendar som peikar i ulik retning i kontakten mellom kyrkje og samfunn.

I Klepp har det vore debatt om kommunen skal gje støtte til organisasjonar som ikkje har plass til alle i leiinga, for eksempel homofile, lesbiske og transpersonar. Til trass for eige ønske om å støtta menneske med ulik seksuell orientering, skreiv biskopen eit innlegg som stilte spørsmål ved effekt og rettferd i å nekta støtte til livssynsbasert, positivt arbeid. Saka ende med fleirtal i kommunestyret for å ikkje støtta organisasjonar som ein reknar som diskriminerande.

Stavanger kyrkjelege fellesråd har fått svekka kommunal finansiering, og må nå kutta i stillingar. Fellesrådet fekk likevel middel frå kommunen til ei ny diakonstilling. Dette speglar både utfordringa og moglegheitene i kommunal finansiering av kyrkja nå for tida.

Me frykta at me hadde mista fleire dåpsbarn i pandemien enn det som viste seg då samfunnet opna. Då blei det eit rush av feiringar i kyrkjelydane, av dåp, konfirmasjonar og bryllaup. Me har mista nokon, men mange hadde utsett og ikkje avlyst dåpen. Oppslutninga om konfirmasjon og kyrkjeleg gravferd er høg i forhold til at det finst fleire som ikkje sjølv sagt vel dette. To av tre rogalendingar er medlemmar av kyrkja.

I samarbeid har bispedømmeråd, biskop og styret i kyrkjeverjelaget klart å leggja ryddige rammer og ta vare på gode relasjonar gjennom høyringa om ny kyrkjeleg organisering. Det blei etablert strukturar som gjorde at alle fekk god informasjon og alle fekk sjanse til å spela inn til bispedømmerådet. Det finst enkeltstemmer med frykt for tap av lokal sjølvråderett når meir samordning er ein moglegheit, men ryddigheit og gjensidig forståing mellom bispedømmeråd og fellesråd har bygd viktig tillit dei siste åra.

I Stavanger bispedømme er det mange som synest kyrkje, tru og diakoni er viktig. Me lever i ei tid der kyrkja ikkje er ein sjølv sagt storleik. Samtidig som me har sterke og gode tradisjonar, startar nå arbeidet med å vera kyrkje etter pandemien, i ei verd som har vist seg usikker og utfordrande, også i det trygge Norge. Det er eit godt stykke igjen til det blir himmel på jord, men engasjementet for å vera ei kyrkje som trur, opnar, bryr seg, deler og inviterer er sterk i bispedømmet me er heldige å få vera i.

Stavanger, 11. mars 2021



Liv Heidrun Skaar Heskestad  
leiar, Stavanger bispedømmeråd



Anne Lise Ådnøy  
biskop

## II. Introduksjon til verksemda og hovudtal frå året

### Organisering og formål

Stavanger biskop og Stavanger bispedømmeråd er ein del av Den norske kyrkja, med Kyrkjemøtet som leiande organ på nasjonalt nivå. Biskop og bispedømmeråd har ansvar for ulike sider ved verksemda til Den norske kyrkja i Stavanger bispedømme.

Stavanger bispedømme blei oppretta i 1925 og dekker Rogaland fylke.

Biskopen og bispedømmerådet sine oppgåver er fastsette i lover, føresegner og anna regelverk, med heimel i statleg lovverk. Mynde og ansvarsområde fylgjer m.a. av kyrkjelova, økonomi- og verksemdsinstruks og tildelingsbrev frå Kyrkjerådet.

Stavanger biskop har tilsynsmynde for heile den kyrkjelege verksemda, leier prestenesta og er arbeidsgjevar for prestane. Prostane er arbeidsgjevarar for prestane i det daglege. Dei er med på å setta i verk mål og strategiar i bispedømmet.

Bispedømmerådet skal ha si merksemd på alt som kan bli gjort for å vekka og nærja det kristelege livet i kyrkjelydane. Rådet skal òg fremma samarbeid mellom dei enkelte sokneråda og andre lokale arbeidsgrupper innan bispedømmet. Bispedømmerådet tilset prostar, kyrkjelydsprestar og spesialprestar. I tillegg er bispedømmerådet arbeidsgjevar for dei tilsette på bispedømmekontoret.

Bispedømmekontoret er organisert i to avdelingar, i avdeling for personale og forvaltning og i avdeling for kyrkjelydsutvikling. Bispedømmerådet og biskopen legg til grunn dei mål og føringar som er gitt av Kyrkjemøtet og Kyrkjerådet. Mål og strategi frå Kyrkjemøtet og strategi og årsplan for Stavanger bispedømme ligg til grunn for verksemd og aktivitetar.

I Stavanger bispedømme er det 90 sokn, med tilhøyrande sokneråd. Tre sokn har forsøk med samanslått sokneråd, slik at det i praksis er 88 sokneråd i funksjon. Det er 23 kommunar, med tilhøyrande kyrkjelege fellesråd. Biskop og bispedømmeråd sine oppgåver skal støtta opp under arbeidet i kyrkjelege fellesråd og sokneråd, og arbeidet skjer i samarbeid med desse. Bispedømmet samarbeider med frivillige, kristelege organisasjonar og har eit formelt samarbeid med misjonsorganisasjonane gjennom samarbeidsrådet for menighet og misjon.

### Organisasjonen

Stavanger bispedømmeråd består av ni valde medlemmar og biskopen. Anne Lise Ådnøy har vore biskop sidan 17. mars 2019. Biskop og bispedømmeråd har felles administrasjon på bispedømmekontoret i Stavanger. Bispedømmekontoret har adresse Lagårdsveien 44, Stavanger.

Både biskop og bispedømmeråd har delegert mynde til stiftsdirektøren, som er dagleg leiar ved Stavanger bispedømmekontor. Stiftsdirektør er Jorunn Kraft Vistnes. Biskop og bispedømmekontor har 14,75 faste årsverk, for tida fordelt på 17 personar.

## Nøkkeltal frå bispedømmet

PROSTI	MEDLEMMAR	INNBYGGJARAR	PROSENT I KYRKJA	ENDRING 2019-20	ENDRING 2020-21
Dalane	17186	24 009	69 %	-124	-240
Domprostiet	37635	67844	55 %	-408	-818
Ytre Stavanger	41530	67663	61 %	-676	-951
Haugaland	41632	58257	71 %	-249	-494
Jæren	50214	70138	72 %	17	53
Karmøy	32210	42345	76 %	-3	-146
Ryfylke	18422	24020	73 %	-952	-1032
Sandnes	49353	80450	62 %	765	720
Tungenes	26539	32627	69 %	261	260
Stavanger bispedømme	322 527	482 645	66 %	-1 351	-2 305

PROSTI	INNMELDT			UTMELDT			PROSTI	INNMELDT			UTMELDT		
	2019	2020	2021	2019	2020	2021		2019	2020	2021	2019	2020	2021
Dalane	26	12	7	59	48	68	Karmøy	29	16	18	147	81	135
Domprostiet	45	25	28	337	218	299	Ryfylke	13	3	25	98	66	157
Ytre Stavanger	41	30	25	271	187	239	Sandnes	60	32	42	304	216	297
Haugaland	27	25	21	226	145	182	Tungenes	20	13	17	185	140	194
Jæren	49	50	50	268	202	316	Sum	321	206	233	1895	1303	1887

VOLUMTAL <sup>1</sup>	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Døypete	3747	3591	3346	3095	3173	2767	3017
Konfirmerte	4005	3931	3749	3727	3768	3623	3790
Kyrkjelege vigslar	863	816	773	733	608	491	537
Kyrkjelege gravferder	2596	2724	2738	2702	2705	2769	2675
Gudstenester totalt	5561	5642	4592	5395	5496	4587	4497
Gudstenestedeltakarar	685 385	697 336	667 375	640 606	636662	289015	280683

NØKKELTAL, REKNESKAP	2018	2019	2020	2021
Tal årsverk	110	118,8	111,1	115,55
- av desse i presteneste	95	98	97,4	106,2
Samla tildeling budsjettgr. 1A	102 259 000	99 971 000	100 449 000	105 381 000
Driftsutgifter	97 220 000	101 660 000	100 218 000	106 206 000
Lønsdel av driftsutgifter	90,6 %	88,0 %	88,9 %	89,1 %
Del lønn brukt i prestenesta	79,0 %	78,8 %	79,7 %	79,5 %
Lønn og godtgjering pr. årsverk	801 000	797 000	802 000	819 000

<sup>1</sup> 4 sokn hadde ikkje levert årsstatistikk til SSB då rapporten blei skriven. For desse sokna er det foreløpig brukt fjorårstal for å få summar som kan samanliknast. I tabellane her er desse tala er sette i kursiv.

## III. Årets aktivitetar og resultat

### Mål, indikatorar og resultat på Kyrkjerådet sine fokusområde

#### A. Samla oversikt over resultat, måloppnåing og ressursbruk

Resultata for 2020 og 2021 er prega av pandemien. I periodar har det vore nødvendig å utsetta eller avlysa arrangement. Det har vore vanskeleg å setta i gang arrangement som krev langtidsplanlegging. Mange arrangement har hatt grenser for deltakartal. Pandemien er stort sett den viktigaste tolkingsramma for endringar i 2021.

#### Kva har vore utfordrande i korona-tida?

Omtrent halvparten så mange som i 2019 har vore på gudstenester. Det er for tidleg å trekka andre konklusjonar enn at det ikkje er sjølvstøtt at alt blir som før etter pandemien.

Me ser ein liten nedgang i oppslutning om gravferd, konfirmasjon og dåp. Konsertar og kulturarrangement har det vore færre av enn vanleg, men meir enn i 2020.

Det har blitt færre språkkafear og har vore vanskeleg å driva lokalt arbeid med religionsdialog. Misjonsavtalane har gjeve mindre inntekter enn i 2020, mykje på grunn av lågare aktivitet.

Den digitale aktiviteten har halde fram, men ikkje på same nivå som i oppstarten. På nettsida har det vore mindre aktivitet enn i 2020, av naturlege grunnar. Folk har merka at det digitale ikkje kan erstatta fysiske tilbod.

Mest alvorleg er det at viktige tal i medlemsundersøkinga peikar nedover. Noko kan forklarast av at pandemien har gitt rom for færre møtepunkt med kyrkja, men oppslutninga om dåp, tru og andre kyrkjelege handlingar står fram som meir sårbar enn tidlegare. Det har også vore færre frivillige engasjert i lokalt arbeid.

#### Stabilitet

Mange er interesserte i å delta på trusopplæringstiltak. Kyrkjelydane har klart å gje fleksible og gode tilbod. Det fører til at oppslutninga om trusopplæring er stabil.

Nedgangen i tal på vigslar i kyrkja har stoppa opp. Det blei rapportert om like mange opne kyrkjer i 2021 som i 2020, men me kjenner til meir aktivitet som ikkje blei rapportert inn.

Me har eit stabilt tal på følgjarar på Facebook.

#### Område med vekst

Det har blitt fleire tilbod til ungdom etter konfirmasjonsalder, fleire leiarkurs og fleire tilbod til unge vaksne. Me håpar dette vil føra til auka deltaking på sikt. Pilegrimsarbeidet veks.

Me har oppretta konto for bispedømmet på Instagram. Denne er i startfasen. Me har vore meir synlege i media, også på grunn av konfliktsaker som er utfordrande for omdømmet vårt.

Det har blitt starta fleire nye, gode diakonale prosjekt i 2021. Talet på samtalar går opp med om lag 50 prosent. Det er fleire sorggrupper. Dette viser at kyrkjelydane tenker diakonalt og har vore godt på plass i pandemien, på område som er viktige for folk.

Prestestillingar retta mot ungdom har starta ny verksemd. Fleire har blitt vigsla til kyrkjeleg teneste. Dei trengst!

### Ressursbruk

Prestetenesta har hatt mykje av det same innhaldet som vanleg, men med andre rammevilkår. Prestane brukar mest tid på gudstenestarbeid, kyrkjelege handlingar og konfirmantar, men har også ein del møteverksemd og kyrkjelydsbyggande arbeid. Hausten 2021 blei prega av at utsette dåp, konfirmasjonar og vigslar nå kunne gjennomførast. Kyrkjemusikarane rapporterer om ei travel tid. Lokalt tilsette har brukt mykje tid på smittevern og justering av arrangement.

Som i 2020 har leiarar hatt mykje å gjera, med tilrettelegging, planlegging og krisehandtering. I bispedømmet har tilrettelegging for høyringa om ny kyrkjeleg organisering teke mykje plass. Biskopen prioriterte å besøka alle prosti. Når samfunnet har vore ope nok, har det vore visitasar.

Tilsette har brukt heimekontor i lange periodar, men dette har funne ein form som gjer at det har vore mindre frustrasjon rundt dette enn i 2020. Det har likevel påverka i kva grad ein har kunne driva kreativt og nyskapande arbeid.

Mange frivillige har bidratt til digital kyrkjeleg aktivitet. Tilsette har hatt fleire samtalar.

Prostar og leiarar på bispedømmekontoret har vore med på leiarutvikling i regi av «Nordnorsk lederutvikling». Samlingane har styrka fellesskap, lagspel og fokus på å utvikla medarbeidarar i førstelinja. Ei viktig side av programmet har handla om å arbeida med kven ein er som leiarar og prostar og leiarar på kontoret har arbeidd aktivt med seg sjølv.

Færre utgifter til arrangement og reiser gav rom for meir prosjektarbeid og prosjektstøtte til kyrkjelydar. Me har markert Haugejubileet og brukt det som arena for samfunnskontakt. Siste del av hausten sende me ein dåpsfilm som kinoreklame. Me har også utvikla ressursar til dåpssamtalen og arbeider med prosjekt innan trusopplæring for vaksne. Fleire arrangement enn vanleg har vore på hotell, av omsyn til smittevern og praktiske utfordringar i kyrkjene.

Til oppfølging av justerte grunnordningar har ein dyktig pensjonist fylgt opp saksbehandlinga. Me har også hatt ein yngre pensjonist som brukar erfaringa si til å gje vegleiing til prestar i forkyning og gudstenestarbeid.

Mindreforbruk frå stillingar som får tilskot og eit anslått, mogleg mindreforbruk på bispedømmerådet sitt driftsbudsjett, samt tilskotet frå OVF, blei delt ut som prosjektstøtte til kyrkjelydar og organisasjonar. 2,7 millionar blei delt ut til 98 prosjekt. Kyrkjelydane viser at dei kan få mykje ut av lite. Kreativiteten og innsatsviljen er stor, og det finst fleire gode idear enn det er pengar til.

Prosjektstøtta har blitt tildelt til konsertar og kulturprosjekt, trusopplæringsprosjekt, treff for nye i Noreg, møteplassar for ungdom, leiartrening, kommunikasjonsarbeid, oppfølging av frivillige, utvikling av konfirmantopplegg (båtkonfirmantar), samtaletilbod, nye kor, studentarbeid, sorgstøtte, religionsdialog, pilegrimsarbeid, påskespel, kaffibar i kyrkja og digitale sendingar til sjukeheimar. Det fører til ein del administrativt arbeid å lysa ut, vurdere og tildela middel, men me ser at dette skapar kyrkjelydsutvikling.

Kyrkja sin viktigaste ressurs er dyktige og engasjerte tilsette og frivillige. Tilsette med høg kompetanse og stor innsatsvilje har vore den viktigaste ressursen gjennom pandemien.



## B. Resultatmål og nøkkelindikatorar

### 1. Gudstenestelivet blomstrar

#### 1.1. Mål: Vekst i talet på deltakarar pr. gudsteneste

##### *Nøkkelindikator: Gudstenestedeltaking delt på gudstenestefrekvens*

I fokus, ressursbruk og livet i kyrkjelydane er gudstenesta sentral. Når me møter sokneråd på visitasar, er dei opptekne av oppslutning om gudsteneste. Når dei skal leggja strategi, handlar det ofte om rekruttering til gudsteneste. Prestar, frivillige og kyrkjemusikarar brukar mykje tid kvar veke på å planlegga og gjennomføra gudstenester. Gudstenestene er eit møtepunkt for anna kyrkjeleg aktivitet. At gudstenestelivet skal blomstra er først blant kyrkja sine felles mål for 2019-2021.

Dette ligg det tru bak. I gudstenesta finst eit fellesskap og nærvær mange ikkje vil vera utan. Når kyrkjelyden samlar seg for å ta imot, utfordrast, synga, be og feira blir det meir himmel på jorda.

Dei to åra med pandemi har det vore annleis å feira gudsteneste. Folk har sitte med større avstand i benkene og sunge bak munnbind. Nattverden har blitt organisert med smittevern som premiss. Nokre som kjem til vanleg har halde seg heime for å ikkje risikera smitte. Rutinar for å registrera deltaking, vaska for smitte og visa folk til faste plassar har blitt faste og arbeidskrevjande påminningar om at samfunnet har vore i krise.

Fleire kyrkjelydar har halde fram med å strøyma gudstenester i 2021. Usikre og ufullstendige tal viser at minst 56 000 har vore med på 346 digitale gudstenester. «Bålpanne-gudstenester» har blitt ein ny samlingsform, som særleg familiar trivst med. Andre sokn har gått tilbake til å fokusera på fysiske gudstenester. Domprosten fortel at mykje av den digitale satsinga har blitt vidareført og at det har vore digitale gudstenester eller kyrkjevandringar som alternativ i periodar med nedstenging.

Det har vore omtrent like mange fysiske gudstenester på sun- og helgedagar i 2021 som i 2020.<sup>2</sup> Deltakartalet ser ut til å ligga fem prosent lågare enn i 2021. Dette er ei negativ overrasking, sidan 2021 hadde ein periode på hausten der det var mogleg å samla fleire. Sjølv når kyrkja hadde plass til feire, blei det, som på andre område i samfunnet, ikkje like mange deltakarar som før. Ser me på dei ulike kategoriane gudstenestestatistikken er delt inn i, er det særleg gudstenester med nattverd som ligg lågare i 2021 enn i 2020. Det var også noko færre deltakarar på julaftan, sidan smittevernreglane sette strengare grenser i 2021 enn i 2020 på denne tida. Samla sett ligg gudstenestedeltakinga i pandemiåra på rundt halvparten av kva det var før pandemien, på rundt 240 000 besøk på sun- og helgedagar og 280 000 totalt, mot 500 000 og 640 000 til vanleg.

Mykje av dette skuldast grenser for kor mange som kunne møtast. Det har vore vanskelegare å arrangera store gudstenester for fleire generasjonar i 2021, bortsett frå første halvpart av hausten.

---

<sup>2</sup> Når det er mogleg, har me brukt tal frå SSB-statistikken for 2021, inkludert fjorårstal for fire sokn som ikkje leverte statistikk innan fristen. Dette gjev eit betre grunnlag for å sjå trendar enn å berre bruka dei tala som faktisk har kome inn. Årsrapporten har derfor foreløpig andre tal enn statistikkheftet frå Kyrkjerådet på ein del punkt.

Svært mange skulegudstenester er avlyste, deltaking på julaftan har blitt redusert til ein sjettedel og færre har kunna delta på dåp og konfirmasjon. Før jul var mange opptekne av å unngå smitte. Samtidig seier fleire prostar og prestar at ein del som kom til gudsteneste før har fått nye vaner og ikkje har kome tilbake når det har blitt mogleg. Dette ser me også i statistikken. Me høyrer fleire kyrkjelydar og prestar som er bekymra for at gudstenesta er vanskeleg å rekruttera nye til. Det er ikkje uvanleg at det er godt vaksne og eldre som dominerer gudstenestefellesskapet.

Dette har noko å seia for kven som finn igjen si eiga gruppe når dei kjem til kyrkja. Det har også skjedd fleire kulturendringar dei siste tiåra som me nå trur me ser effekten av. Tidlegare kunne barn i gudstenesta få eit teiknebrett eller ei pakke rosiner og ventast å sitja stille den timen dei vaksne haldt på med salmesong og liturgi. Nå ønsker både foreldre og barn tilbod der barna er fullverdige deltakarar i det som skjer. Barn og unge er også vane med formidlingsformer med mykje høgare intensitet enn ei gudsteneste plar ha. Når sjølv filmar går for sakte samanlikna med YouTube og spel, er det forståeleg at gudstenesta krev opplæring og tid å læra seg å verdsetja.

Samtidig med dette har verken kyrkjeleg ungdomskultur eller allmennkultur førebudd folk på kva ein møter i ei gudsteneste. Kyrkjeleg barne- og ungdomskultur har hatt andre samlingsformer enn gudstenesta, noko som gjer at sjølv dei som har vore ein del i kyrkja kan synast gudstenesta blir framand. Elles er både trusspråk, songar og musikalsk preg i hovudgudstenesta nytt stoff som mange ikkje har føresetnadar for å ta del i. Det gjeld også grunnforståinga av kva ei gudsteneste er. Gudstenesta liknar nok på ei førestilling til at mange vil tolka ho som dette, mens gudstenesta jo fungerer best om dei som tek del involverer seg, lyttar til preika med eige liv som kontekst, syng med og tek del i bønene.

Prosten i Ytre Stavanger peikar på at gudstenesta fungerer dårleg for konfirmantar. Han set det på spissen og seier at han trur «*gudstjenesten virker direkte mot sin hensikt, hvis man har mål om at disse skal komme tilbake oftere enn ved helt spesielle anledninger.*» Konfirmantane har ikkje føresetnadar for å forstå og ta del i gudstenesta, og når dei ikkje forstår eller kjenner seg adresserte og involverte i det som skjer, blir det kjedeleg. Det finst eksempel på god involvering, men dette krev førebuingar og tilpassing.

Desse utfordringane har me også møtt i arbeidet med justert hovudgudsteneste. I det store og heile har kyrkjelydane hatt etablerte tradisjonar som har kunne tilpassast dei oppdaterte ordningane, men me har også eksempel på kyrkjelydar og prestar som synest reforma har vore eit steg i feil retning. Det finst mange kyrkjelydar i bispedømmet som ønsker romslegare musikalske og liturgiske rammer, for å inkludera fleire og senka terskelen til forståing og deltaking for nye som kjem.

Fleire kyrkjelydar, prestar og sokneråd i Stavanger bispedømme har klare lågkyrkjelege røter, noko som til dømes har gjeve seg utslag i vidstrakte ønske om å unngå «hallelujaomkvedet» rundt evangelielesinga, fordi det blir opplevd som høgkyrkjeleg på ein framandgjerrande måte. Den lågkyrkjelege tradisjonen i desse kyrkjelydane er retta mot folkekyrkja og ønsker å nå breitt ut, men utfordrar tradisjonane på gudstenesteområdet, spesielt i forhold til musikk og veksellesing.

Ønsket om å kunne bruka eit større tilfang av den liturgiske musikken frå 2011 enn det Kyrkjemøtet vedtok i 2017 har prega prosessen i mange kyrkjelydar. Biskopen har gjeve midlertidig dispensasjon til dei som vil halda fram med t.d. Tore Aas sin liturgiske musikk. Ingen kyrkjelydar har ønska å bruka serie 3, og få har hatt eit opplevd behov for å gå over til serie 2,

sjølv om nokre prøver dette. Her har me sett eit stort spenn mellom Kyrkjemøtet sine vedtak og situasjonen i kyrkjelydane i bispedømmet. Biskopen sin moglegheit til å gje dispensasjon har vore viktig for å ikkje skapa meir uro enn dette faktisk har gjort. Me har prioritert lokal oppslutning om gudstenesta og kyrkjelyden framfor samsvar med Kyrkjemøtet sine ordningar på detaljnivå.

Det er stort mangfald i Stavanger bispedømme, frå dei som likar det tradisjonelle og trygge til dei som gjerne vil ha noko nytt. Bispedømmet har tidlegare lukkast med å inkludera folk med ulike preferansar i gudstenestelivet. Det gjer me framleis, men me merkar også utfordringar lokalt me ikkje kan ta lett på.



Randaberg menighet fekk Trosopplæringsprisen for lavterskel-gudstenesten "KAOS-kirken".

### Vegen vidare

Framover vil me følgja opp dei kyrkjelydane som har utvikla tradisjonar i forsøksperioden som dei nå treng særskilt godkjenning for å halda fram med. Me ser også behov for å arbeida meir med gudstenester for barn, på fleire måtar. Korleis lagar me gudstenester der både barn og vaksne trivst og kjenner seg inkluderte? Kva gjer me i trusopplæringa, blant konfirmantane og på møtepunkt i løpet av veka for å gjera gudstenesta kjent og forstått, slik at fleire kjem til samlinga på sundag og kjenner seg heime? Korleis legg me til rette for sundagsskular?

Me ønsker oss ikkje nye, omfattande sentralkyrkjelege prosessar lik dei me har hatt før 2011 og 2019, men me ser at me regionalt og lokalt må fortsetta samtalen om korleis gudstenestene framover kan vera både forankra og folkelege. Prestar, kyrkjemusikarar og frivillige gjer eit flott arbeid kvar veke for å laga møtepunkt mange fleire kunne hatt glede av. Viss me som kyrkje meiner alvor med at gudsteneste er hovudsamlinga vår, viser tala likevel at me må undersøka kva som skal til for at fleire skal ha lyst til å gjera det slik i praksis.

Me har planar om eit prosjekt om gudstenester for barn og eit prosjekt for å styrka fellesskapssongen i kyrkja. Me høyrer at det er behov for å sørga for at konfirmantane sitt møte med gudstenesta blir meningsfullt. Dessutan er det eit spørsmål om ressursbruk. Kan gudstenester få kjem på organisert betre, eventuelt saman med eit nærliggande nabosokn? Kan ein bruka ressursar ein i dag brukar på gudstenestearbeid på å nå grupper kyrkja ikkje i like stor grad er til stades hjå i dag? Kan styrking av gudstenestelivet gå saman med å retta det kyrkjelege tilbodet inn mot nye grupper?

Eit positivt teikn er dei nye studentgudstenestene i Stavanger. Tilbodet er i startfasen, men her er det fleire prestar til stades som har tid til å bli kjende med studentar. Dei tenkjer også på dette som ein stad å visa at kyrkjeleg teneste er flott.

## 1.2. Mål: Fleire vel kyrkjeleg vigsel

Nøkkelindikator: Talet på vigslar.

	2018	2019	2020	2021
Den norske kyrkja (i Norge)	7 630	6 805	4 560	
Stavanger bispedømme	733	628	491	>497 <sup>3</sup>
Del vigslar i Den norske kyrkja	36 %	34 %	28 %	
Del borgarlege vigslar	38 %	45 %	51 %	
Del vigslar i utlandet	17 %	13 %	11 %	
Del vigslar i trussamfunn utanfor Den norske kyrkja	9 %	8 %	8 %	
Vigslar i alt	20 949	19 855	16 151	

Frå 2019 til 2020 såg me ein klar nedgang i talet på vigslar. Mange valde truleg å utsetja bryllaupet.

Det har vore fleire bryllaup i kyrkjene i 2021. Prosten i Tungenes skriv om god kontakt mellom kyrkjelydar og brurepar i løpet av pandemien, for å få til best mogleg løysingar.

Tal for kor stor del av vigslane som finn stad i kyrkja var ikkje tilgjengelege då dette avsnittet blei skriva. Trenden har vore at det har blitt fleire vigslar i regi av kommunen.

I medlemsundersøkinga seier 8 prosent at dei har vore i ein kyrkjeleg vigsel det siste året. Dette er om lag halvparten av delen som sa det same i 2019. Smitteverntiltak er truleg ein stor del av forklaringa, saman med færre vigslar.

Talet på kor mange av medlemmane som ville valt kyrkjeleg vigsel viss bryllaup var aktuelt gjekk ned frå 2019 til 2020, men er likt (61 prosent) mellom 2020 og 2021. Framleis er det slik at fleire enn dei som faktisk vel kyrkjeleg vigsel har dette som preferanse. Dette kan handla om skilnad mellom aldersgrupper. Det kan visa eit potensial for vekst i talet på kyrkjelege vigslar og det kan tyda på at praktiske tilhøve meir enn kyrkjeleg tilknytning har noko å seia for kva type vigsel ulike par vel.

Me har ikkje hatt spesielle tiltak for å marknadsføra eller leggja til rette for fleire kyrkjelege vigslar i bispedømmet i 2021. Me fekk ikkje starta arbeid med dette i fjor, men har det i årsplanen for kva me bør ta opp i 2022.

---

<sup>3</sup> To av dei sokna som ikkje har levert inn statistikk har mange vigslar. I 2020 hadde dei fire sokna som ikkje har levert inn statistikk til saman 40 vigslar. Nasjonale for typar vigslar var ikkje tilgjengelege då me skreiv rapporten.

### 1.3. Mål: Oppslutninga om kyrkjeleg gravferd blir halden oppe

Nøkkelindikator: Talet på kyrkjelege gravferder

## Resultat og utvikling

KYRKJELEGE GRAVFERDER							
År	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Tal på gravferder	2628	2724	2738	2702	2710	2769	2675
Døde i Rogaland	2959	3038	2981	3049	3027	3177	
Gravferdsprosent i kyrkja	89 %	90 %	92 %	87 %	90 %	87 %	

I år er det for fyrste gong rapportert om talet på deltakarar i kyrkjelege gravferder. Sjølv om året var prega av grenser for kor mange som kunne delta, var det over 150 000 som fylgde ei kyrkjeleg gravferd i 2021.

Oppslutninga om kyrkjeleg gravferd var lik i 2018 og 2020, men var noko høgare i 2019. Dei siste åra har frå 87 til 90 prosent av gravferdene funne stad i kyrkja.

Domprosten melder om godt samarbeid mellom prestenesta, fellesrådet og gravferdsbyråa om gjennomføring av gravferder under pandemien. Det har vore nødvendig med tettare samarbeid enn til vanleg. Mellom anna fekk ein på plass vertar som kunne visa folk til plassane sine. Smittevernet har vore godt.

Me er spente på utviklinga framover. Det finst gravferdsbyrå som sjølv tilbyr å ta ansvar for heile gravferda. Domprosten reknar dette som eit tilbod med større potensial for å flytta gravferder ut av kyrkja enn tilbod frå andre livssynssamfunn. Spesielt moglegheit for å kunna tilpassa musikk er ein viktig del av dette. Fleire prestar ønsker seg større rom for å tilpassa enn det rammeverket sjølv opnar for, for å komma ønska om personleg preg på gravferder i møte.

Det er allereie mykje god bruk av pastoralt skjønn i møte med kvar einskild familie, frå både prestar og kyrkjemusikarar. Det kan likevel vera utfordrande for kyrkjemusikarar å på kort varsel måtta læra inn personlege ønske om musikk. Det gjev også eit anna inntrykk å lytta til opptak av musikk i ei kyrkje enn mange ser føre seg. Eit prosti har fått ja frå biskopen til å sjå om det kan gjerast tilpassingar som gjer det lettare å koma dei pårørande i møte. Dette blir eit prøveprosjekt.

Både ønsket om tilpassa gravferder, fleire tilgjengelege alternativ og generell sekularisering kan vera bakgrunnen for ein nedgang på 10 prosent i kor mange som i medlemsundersøkinga seier dei ville valt kyrkjeleg gravferd. Førebels er delen kyrkjelege gravferder høgare enn den delen av medlemmane og befolkninga som seier dette er førstevallet. Undersøkinga viser at i kva grad ein i tru eller deltaking har tilknytning til kyrkja har mykje å seia for kva ein ønsker.

Det står ikkje godt til ønsket om å støtta og visa omtanke i sorg at så mange gravferder også i 2021 har hatt grenser for kor mange som kunne vera til stades. Prosten i Jæren seier det har vore det vanskelegaste i pandemien at kyrkjene kunne vore fulle, men berre kunne ta imot 50. Det har vore vanskeleg for pårørande å velja kven som kan delta. Kyrkjelydar, gravferdsbyrå og pårørande har handtert dette så godt som mogleg, men me har fått klare meldingar om at dette har vore noko av det tyngste under pandemien. Færre har fått visa medkjensle gjennom å delta, og for færre har det blitt konkret synleg kor mange som bryr seg når dei mistar nokon. Å kunne strøyma frå gravferder har vore til hjelp, også for folk som uansett ville hatt praktiske vanskar med å delta. Likevel ser me fram til at det blir mogleg å vera fleire i 2022.

Å setja ord på kva einskildmenneske betyr, stå saman i sorga og peika på tru og håp i tunge dagar er viktig for kyrkja. Den høge oppslutninga om kyrkjeleg gravferd viser også at dette er noko folk sluttar opp om, også godt ut over i kva grad dei er medlemmar. Prestar, kyrkjevevjerer og kyrkjemusikarar gjer ein stor innsats for å komma alle sørgande i møte. I årsplanen har me sett opp at me vil halda fram med samtalen om rammene for dette, slik at dei framover legg minst like godt til rette som i dag for at folk møter ei kyrkje prega av omsorg og forståing når dei kjem til gravferd.



Gravferdstema i anledning Allehelgen frå instagramkontoen «Kirken i Rogaland».

Foto: Øystein Viland

#### 1.4. Mål: Fleire kyrkjelydar inkluderer samisk språk i gudstenestelivet

Nøkkellindikator: Talet på kyrkjelydar som inkluderer samisk språk i lokal gudstenesteordning

Dei siste par åra har Domkyrkja og Vår Frelzers kyrkje markert samefolkets dag. Dette har blitt faste og viktige tradisjonar. Prosten i Haugaland beskriv dette som ei sterk oppleving.

Nasjonale initiativ for samisk og kvensk kyrkjeliv blir vidareformidla til prostar og kyrkjelydar. Me høyrer ei positiv grunnhaldning til bruk av samiske element i gudstenestelivet, men dette er framleis markeringar i startgropa. Me trur kommunikasjon, opplæring og kunnskap er viktig for å koma lenger. Som eit bispedømme som har få kyrkjelege tradisjonar på dette området er det viktig for oss å trekka veksling på kunnskap og ressursar som finst nasjonalt.

Biskopen brukar samisk velsigning ved passende høve og oppmodar prostar og prestar til å gjera like eins.

## 2. Dåp og trusopplæring

### 2.1. Mål: Oppslutninga om dåp held seg oppe

Nøkkelindikator: Talet på døypte barn

#### Resultat, utvikling og vurdering av resultatet

Dåpen er opninga av livet som del av kyrkja. Dei siste åra har me gått frå at dåp var sjølv sagt for kyrkjemedlemmar til at det er noko mange lurer på og tek aktive val rundt.

Her er utviklinga frå 2016-2021, viss me deler dei døypte inn i årskull:

DÅP							
	2016	2017	2018	2019	2020*	2021	Endring
Fødte	6109	5917	5539	5381	5282	?	
Antall døypte	3591	3346	3346	3173	2767	3017 <sup>4</sup>	+ 9 %
Medlemsprosent av fødte	56 %	55 %	54 %	55 %	51 %	53 % <sup>5</sup>	

2020 og 2021 blei annleis år, og mange familiar måtte avlysa eller utsetja dåpen. I 2021 blei minst 889 barn som var fødte i 2020 døypte. Talet på døypte eittåringar var 16 % høgare enn fjoråret. Dette stemmer med rapportar frå kyrkjelydane om at mange barn blei døypte då samfunnet opna opp.

#### Analyse av dåpstala

I medlemsundersøkinga ser me ei endring i kor mange av medlemmane som ville valt dåp for sine barn. Mens talet var 85 % i 2019, var det nesten 10 % lågare i 2021, med 76 %. Undersøkinga viser også at dei som svarar at dei ikkje ville valt dåp har hatt ein auke på 5 % frå 2020 til 2021. Viss dette er representativt, går utviklinga raskt nedover.

Kva er det som gjer at dåpstala går nedover, og kvifor er det stadig færre som ønsker å døypa barna sine i kyrkja? Me har nokre svar frå undersøkingar kring dette temaet dei siste åra, både i Noreg og i dei andre nordiske landa.

Det viser seg at foreldre i større grad enn før ønsker at barna skal ta eit eige val om dåp når dei blir større. Mange foreldre tenker at dei ikkje kan ta ei avgjerd i eit så stort spørsmål for barna når dei er små. Dermed utset dei dåpshandlinga til barnet kan velja sjølv. Dette viser seg til dømes i at ein god del konfirmantar ventar med dåp til før konfirmasjonen. Etter kvart vil det vera fleire som ikkje er døypte. Det kan heva terskelen for konfirmasjon i kyrkja, slik at fall i dåpstala kan få konsekvensar for konfirmasjonstala på sikt.

---

<sup>4</sup> Ved gjennomgang av tal frå medlemsregisteret fann me eit avvik, fordi to sokn i eit fellelråd ikkje hadde ført over tal frå sitt fagsystem til medlemsregisteret. Me har spurt etter og lagt til dei 91 som foreløpig har falt ut her.

<sup>5</sup> Dette talet er basert på fødte og døypte frå 4. kvartal 2020 – 3. kvartal 2021. Dåpsprosenten for 2021 vil bli høgare når fleire barn fødte i 3. kvartal 2021 blir døypte. Her plar det vera tilvekst i løpet av året. Me ser eit fall i talet på døypte i 2020, med pandemien som sannsynleg forklaring.

Stavanger bispedømmeråd og kyrkjelydane i Stavanger bispedømme har jobba målretta med dåp sidan 2014. Dåp har vore høgt på agendaen og kreativiteten har vore stor. Det er gjort eit stort arbeid på kommunikasjon og i å gjera dåp synleg i kyrkja. Inntrykket vårt er at det generelt er høgt medvit om dåpsopplutning blant kyrkjevevjerer, prostar og lokale kyrkjelydar. I tidlegare år har me sett spor av dette gjennom betre opplutning om dåp enn ein kunne venta.

Samtidig ser me at dette er eit tema me heile tida må halda varmt. Felles kyrkjelydsplan vil hjelpa gjennom å gjera statistikk meir tilgjengeleg.

I ei større finsk undersøking kom det fram at foreldre i stor grad har tankar om dåp lenge før dei kjem i ein kjærleiksrelasjon. Synet på dåp er noko ein har med seg inn i forholdet. Berre eit fåtal av foreldra bestemmer seg for dåp under svangerskapet eller etter fødselen. Desse funna er bekrefta i ei norsk undersøking, "Dåpsreisa", i Borg bispedømme. Det viser at tiltak for å styrka opplutning om dåp bør setjast inn tidleg og handla om folk si grunnhaldning til dåp og kyrkje.

2021 har vore nok eit krevjande år for dei tilsette i sokna. Heldigvis er det mange lysglimt å gleda seg over også. Det er tydeleg at mange dåpsforeldre som har hatt eigne dåpsgudstenester grunna restriksjonar, har vore svært nøgde med opplevinga. Prest og kyrkjemusikar har kunna tilpassa formidlinga til dåpsfylgjet og fokusera på dei. Dåpen har funne stad med meir ro rundt seg. Mange ønsker å halda på dette tilbodet etter pandemien.

Me har grunn til å tru at i nokre av dei mindre kyrkjelydane er tala for dåp meir stabile. Lågt smittetrykk har gjort at ein oftare har hatt høve til å samla fleire, noko som har gjort at ei eventuell utsetting ikkje har blitt så lang. I byane er nok både utsettingar og etterslep større.

### **Kva skjer lokalt?**

Når det gjeld påmelding til dåp, har det blitt gjort mykje utviklingsarbeid dei siste åra. Me ser at dei store fellesråda har utvikla gode felles verktøy for kyrkjelydane. I Sandnes, Haugesund og Stavanger har ein samla påmelding til dåp for dei ulike kyrkjelydane. Inntrykket vårt er at alle kyrkjelydar nå har digital påmelding til dåp. Det er eit viktig skritt i riktig retning, i ei verd der me veit at unge foreldre søker på internett for å finna informasjon.

Prosten i Jæren melder at familiar som i utgangspunktet kunne trekt seg frå heile dåpen har blitt «hanka inn» av ivrige kyrkjelydssekretærar og prestar som har ringt ein ekstra gong for å visa korleis det kan la seg gjera med dåp likevel.

### **Vegen vidare**

Me trur at fleire vil ønska eigne dåpsseremoniar også etter pandemien. Det ønsker me å legga til rette for. Samtidig vil det vere ressurskrevjande om dette blir den nye normalen for alle. Det er mogleg at dette vil løysa seg sjølv - at nokre ønsker å vera med i gudstenesta, mens andre vil vera for seg sjølve i ein eigen dåpsseremoni.

Dei nye undersøkingane viser at me må tenka nytt om kven me skal nå ut til med informasjon om kva dåpen gjev. Me arbeidar for tida med eit prosjekt med namnet "Dåpspakke for konfirmantar". Viss eit fleirtal har tankar om dåp lenge før det blir aktuelt i eige liv, er det om å gjera å nå fram tidlegare.

Me høyrer at mange slit med å kommunisera dåpen på ein god og livsnær måte for konfirmantane. Me lagar derfor ressursar til ein konfirmanttime om dåp. Målet med opplegget er å



gi konfirmantane ei god oppleving av kva dåp er, og kva dåpen kan bety i deira liv. På lang sikt håper me det kan gi gode assosiasjonar og ønske om dåp når foreldra får eigne barn.

Det at foreldre ønsker at barna sjølv skal få velja får konsekvensar på sikt. Det vil vera mange barn som ikkje er døypte som deltek på tiltak i trusopplæringa i tida framover. Det gjev behov for å kommunisera ei open dåpspraksis til breidda av folket. Oppfatninga om at berre spedbarn blir døypte lever i folket, men det er aldri for seint å la seg døypa. Her kan me bli betre på å dela dei gode forteljningane om større barn, ungdom og vaksne som blir døypte.

I 2021 lanserte me eit nytt metodisk opplegg for dåpssamtalar. Opplegget er ein ressurs for tilsette som har dåpssamlingar og dåpssamtalar. Målet har vore å skapa meir dialog og inkludera foreldre og familie ved bruk av ulike symbol kopla til dåpen. Me presenterte opplegget på alle utviklingssamtalane med sokna og på samlingar med prester og andre tilsette. Ein av prestane sa: "Dette er akkurat det me har venta på. Nå gler me oss til å ta det i bruk". Opplegget er også lansert nasjonalt.

Frå oktober til desember sende me dåpsfilm som kinoreklame.

Me vil i tida framover halda oppe fokuset på dåp i utviklingssamtalar, på visitasar og i fagsamlingar. Sjølv om det ikkje berre er direkte dåpsrelaterte tiltak som påverkar val av dåp, er det viktig at dåpsarbeidet held høg kvalitet og har fokus. Me oppmodar framleis til å halda samtalen om dåp varm i sokna, mellom anna ved hjelp av "10 dropar om dåp", som er eit samtalereiskap for dåpsarbeid i sokna.



Ein laurdag i juni blei 9 born døypte i Sola kyrkje. Her er familien Dagestad Reinhardt saman med sokneprest Morten Sandland. Foto: Hege Skrikrud

## 2.2. Mål: Oppslutninga om trusopplæringstiltaka er stabil

Nøkkelindeikator: Deltakardel på utvalde, landsomfattande tiltak

## Resultat, utvikling og vurdering av resultatet

GJENNOMSNIITTELEG OPPSLUTNING I TRUSOPPLÆRINGSTILTAK					
Alder	Tiltak	2018	2019	2020	2021
0 år	Samtale før dåp	102 %	97%	97%	104%
4 år	Utdeling av bok	52 %	50%	44%	43%
6 år*	Tidsavgrensa tiltak for 6-åringar	34 %	34%	38%	39%
8 år	Tårnagenthelg	35 %	37%	37%	39%
Ca. 11 år	Lys Vaken	30 %	30%	35%	29%
15 år	Konfirmasjon	84 %	85%	86%	84%
16 år	Tiltak året etter konfirmasjon	20 %	16%	11%	9%

Resultata for 2022 viser at den gjennomsnittlege oppslutninga om trusopplæringstiltaka har halde seg relativt stabil dei siste åra. Oppslutninga held seg til trass for krevjande år med pandemi og smitteverntiltak. Kyrkjelydane har vist stor evne til omstilling og kreativitet i pandemien og har gjort sitt beste for å tilby gode tilbod til barna.

Det tidsavgrensa breiddetiltaket for 6-åringar har hatt ein nokså jamn oppslutning dei siste åra, men hadde ein auke frå 2019 til 2021 på 5 %. Det er gledeleg. Heile 70 % av sokna gjennomførte tiltaket med fysisk deltaking.

Samtidig ser me at utdeling av bok til 4-åringar har vore vanskelegare å få vanleg deltaking på i pandemien. Dette er eit av dei største tiltaka, som kan bli hardare ramma av grenser for deltakartal enn mindre arrangement. Det kan også henda at tiltaket ikkje verkar like spennande som andre tilbod. Resultatet har vore jamt gjennom pandemien. Nedgangen blir motverka av nye ressursar frå til dømes IKO inn mot 4-åringar.

Oppslutning om Tårnagenthelga har hatt ei positiv utvikling. Tiltaket er populært i kyrkjelydane. Fleire kyrkjelydar rapporterer om stor trivsel blant barna. Tårnagenthelga hadde rekordhøg oppslutning i 2021, med 39 %. 59 % av sokna gjennomførte tiltaket med fysisk deltaking.

Lys vaken har vore utfordrande å arrangera dette året. Sjølv om heile 70 % av sokna har gjennomført fysisk samling har fleire hatt samling utan overnatting. Oppslutninga har vore på om lag 30 % dei siste åra. Digitale tilbod og pakker på døra med opplegg og gåver har vore eit alternativ for fleire.

Breiddetiltak for ungdom året etter konfirmasjon viser ei betydeleg nedgang frå 2018 til 202, på heile 11 %. Berre 19 sokn har eit tilbod. Talet har vore lågt i fleire år. Noko av forklaringa kan vera korona-situasjonen, men me trur likevel at dette talet viser at kyrkja til nå ikkje har klart å bygga opp trusopplæringstilbod som breidda av dei eldste ungdommane har interesse for. Fokuset i trusopplæringa ligg på barn fram til konfirmasjonsalder.

### Kva ligg bak resultatata?

Med pandemien som kontekst skulle ein tru oppslutninga om trusopplæring gjekk ned. Likevel ser me gode tal i trusopplæringa.

På utviklingssamtalane med kyrkjelydane har me spurt om dette. Det viser seg at sokna har vore flinke til å utnytta lommer der samfunnet har vore ope. Mange har gjennomført tiltak ute. Dei har

delt barna opp i mindre grupper for å overhalda smittevernrestriksjonane. Fleire har meldt inn at desse nye erfaringane har vore positive og at nokre av arbeidsformene kan følgja med også ut av pandemien.

Kontakten med kyrkjelydane har vore viktig for å dela tips på tvers. Når dei tilsette har lagt inn ekstra innsats og hatt krevjande rammer, har det vore viktig å lytta til erfaringar, takka for innsatsen og vera eit fellesskap som held kvarandre oppe. Dei tilsette har hatt mykje å fortelja om korleis det har vore å arbeida under smittevern og restriksjonar. Me er stolte av innsatsen og den gode faglege kvaliteten på arbeidet i sokna.

Som i 2020 har pandemien slått ulikt ut. Nokre blir ekstra kreative og får nye krefter til å gjera meir, mens andre gonger blir folk slitne og må sørja for at dei har krefter til neste løft. Kyrkjelydane har funne mange nye arbeidsmåtar: Kontakt på telefon, digitale møtepunkt og filmsnuttar, nye gruppesamlingar og utdeling av materiell og symbolske gåver.

I 2020 hadde 58% av kyrkjelydane tilbod om trusopplæring på nett i første halvdel året og 33% i andre halvdel (Rambøl). Dette stemmer godt med dei ytre vilkåra. Meir av trusopplæringa blei gjennomført som fysiske samlingar enn i fjor, om enn i mindre timeomfang enn vanleg. 16 sokn har produsert videoinnhald for barn i 2021.

Alle sokna har dei siste åra revidert sine planar for trusopplæring, etter eit rullerande opplegg for prostia med miniplankurs det eine året og gjennomgang av planen det neste året. Dette har bidratt til å kvalitetssikra innhaldet i planane og sikra breidde i oppslutning.

Koplinga mellom dei avgrensa tiltaka og dei kontinuerlege tiltaka har vore eit viktig tema i planutviklinga. Det har tidlegare vore tendensar til spenningar i forholdet mellom tidsavgrensa breiddetiltak og kontinuerlege aktivitetar for barn og unge. Denne spenninga finst ikkje lenger i same grad.

Det årlege «Forum for trusopplæring» måtte avviklast digitalt i 2020. I år klarte me å arrangera konferansen fysisk, med over 100 deltakarar. Det var ei løft å kunne samlast til inspirasjon, fellesskap og fagleg oppdatering etter lang nedstenging. I evalueringa ser me at programpostar som gjev mot og inspirasjon til eiga tru får høg score, til dømes HEL-gudsteneste (gudsteneste for alle, uavhengig av funksjonsevne), foredrag om trua si betydning for tenesta og om forteljarkunst.

## Vegen vidare

Medlemsundersøkinga viser at over halvparten av medlemmane meiner det er viktig at unge lærer de kristne forteljingane. Dette er ein viktig bakgrunn for at foreldra sender barna sine på tiltak i kyrkja.

Dei nasjonale konseptane, som Kyrkjerådet har utvikla som breiddetiltak, har vore viktige for kyrkjelydane. Felleskonsept har ført til at kyrkjelydane kan bruka ressursar på andre delar av verksemda enn tiltaksutvikling. At fleire sokn har dei same tiltaka er positivt for felles marknadsføring og gjer det lettare å rekruttera. Dei mest etablerte tiltaka har utvikla seg godt, og har god oppslutning mange stadar i bispedømmet.


Samtidig ser me at det er behov for å tenka nytt når det gjeld breiddetiltaka. Me arbeider for tida med eit nytt tidsavgrensa breiddetiltak for 7-åringar. Tiltaket heiter Sirkus Credo og brukar fargane i kyrkjeåret som motiv for å kopla tru og livsinnhald. Meiningsinnhaldet fargane står for blir konkretisert i lek og aktivitetar på samlingar og gudsteneste. Tilsette frå lokale kyrkjelydar er med i

utarbeidinga. Me håper at dette tiltaket kan skape inspirasjon og fornying. Konseptet skal lanserast på årets «Forum for trusopplæring».

Prosten i Ryfylke peikar på at det er viktig å gje fleire tilbod til unge vaksne, til dømes familiemiddagar, temakveldar om tru eller andre tema som engasjerer. Trusopplæringstiltaka kan vera eit første kontaktpunkt for å få til slikt. Trusopplæringa kan også vera ein viktig diakonal arena.

Inn mot satsinga for 2022, å bygga fellesskap for barn og unge skriv prosten i Tungenes: “En utfordring i dette arbeidet, som blir mer aktuell når trosopplæringen går inn i en ny fase i kirken, er å la breddetenkning prege de ukentlige tilbudene til barn og unge i enda større grad enn før.”

I 2022 vil me også delta i samtalen om trusopplæringsrapporten og høyringa etter denne. Mykje trusopplæring er godt etablert gjennom åra som har gått, men det er også ein del som framleis er sårbart. Me trur framleis systematisk oppfølging, vegleiing og motivasjon vil vera viktig for å utvikla verksemda lokalt.



Frå barnegudsteneste i St. Petri kyrkje.

### 2.3. Mål: Oppslutninga om konfirmasjon blir halden oppe

Nøkkelindikator: Konfirmerte av døypte 15-åringar

Konfirmasjon					
	2017	2018	2019	2020	2021
Konfirmasjonsprosent av døypte	87 %	85 %	86 % <sup>5</sup>	84%	83%
Konfirmasjonsprosent i heile årskullet	63 %	64 %	62 %	64%	61%
Konfirmerte	3749	3727	3759	3623	3708

### Resultat og utvikling

Konfirmasjonsprosenten av døypte i bispedømmet har vore relativt stabil dei siste åra, men me ser at han har ein fallande tendens over tid. Konfirmasjonsprosenten av årskullet går ned med tre prosent frå 2020 til 2021.

At konfirmasjonsprosenten held seg så pass høg viser at kyrkjeleg konfirmasjon står sterkt i bispedømmet. Det kan tyda på at konfirmasjonsundervisninga jamt over har godt omdømme og god kvalitet og står seg godt i konkurransen med andre aktørar. Nedgangen viser at dette ikkje er sjølvsgagt.

Val av konfirmasjon er eit skjørt tema. Påverknad frå venner, andre tilbod og ulike familieomstende har noko å seia for om ein vel kyrkjeleg konfirmasjon eller ikkje. Kyrkja må fylgja med i utviklinga og tilby gode opplegg.

I medlemsundersøkinga frå 2019 svarer 27 % av medlemmane at dei har vore i kyrkja i samband med kyrkjeleg konfirmasjon. I 2020 er talet berre 14 %, og i 2021 er talet 19 %. Det er sannsynleg at dette heng saman med restriksjonane i samband med korona. Det har vore færre gjestar med på konfirmasjonane, både i kyrkja og på festane.

Når det gjeld kor mange av medlemmane som ville konfirmert seg kyrkjeleg om det hadde vore i dag, svarer 71 % ja til dette både i 2019 og i 2020. I 2021 er talet gått noko ned til 68%.

Kring 70 % er mange menneske, men det er likevel langt lågare enn dei 83 % av døypte som konfirmerer seg i dag. Talet 68 % seier noko om at fleire av dei som er allereie er konfirmerte, ikkje ville konfirmert seg i kyrkja om det var i dag. Konfirmasjon i kyrkja var ein enda sterkare tradisjon tidlegare, og det er ikkje uventa at tradisjonelle rite tapar terreng over tid. Det som er interessant er kva barna til dei som svarar nei og veit ikkje i undersøkinga vil velja når foreldra er negative og usikre.

Truleg speglar også desse tala om at det finst ulike grupper blant kyrkjemedlemmane. Mange har ein fast tradisjon med å markera viktige livshendingar i kyrkja. For andre er dette ikkje like viktig, så kva dei gjer kan variera. Vekslinga i oppslutning handlar derfor om i kva grad kyrkja klarer gje gode tilbod til dei som ikkje er sikre på at dei vil ta del i det kyrkja gjev.

### Konfirmasjon i korona-tid

2021 har vore annleis enn det første året i pandemien. I 2020 var mange usikre på kva dei kunne gjennomføra av samlingar og undervisning for konfirmantane. Fleire kyrkjelydar tok kontakt med

oss. I 2021 ser det ut til at erfaringa frå året før gjorde at ein var tryggare på kva ein kunne gjera og korleis ein kunne gjennomføra undervisninga for å unngå smitte.

Som i trusoppplæringa elles har det vore stor kreativitet. Mange har nytta seg av mindre grupper og samlingar ute. Det har og vore nokre digitale samlingar, men hovudinntrykket er at dei aller fleste har møtt konfirmantane fysisk. Fleire har gjennomført tilnærma normalt, mens andre har hatt eit redusert tilbod. Det er flott å sjå at ein har klart å halda oppslutninga såpass oppe i denne tida. Me frykta at fleire ungdommar ville droppa ut i ei krevjande og sårbar tid, men konfirmasjon viser seg å vera viktig for mange.

Det mest kritiske punktet i konfirmantopplegget har vore leirane. Mange har opplevd å bruka mykje tid på planlegging, for så å måtta utsetja då restriksjonane vart skjerpa. Det var vanskeleg å sjå at konfirmantane ikkje kunne ha med alle som ønska det i kyrkja. Mange la opp til ekstra gudstenester, men ein rakk likevel ikkje å gje same tilbod som i eit normalt år.

Sidan konfirmasjonane på våren blei utsette til hausten grunna korona, blei det ekstra travelt i kyrkjelydane i haustsemesteret, med konfirmasjon og oppstart av nytt kull til same tid. Prostane er samla sett svært nøgde med gjennomføringa av konfirmasjonane i sokna. Det har vore stor innsatsvilje frå kyrkjelydane, og det løyste seg så godt som mogleg med utsette konfirmasjonar.

### Vegen vidare

Dei som blir konfirmerte i 2022 vil ha vore gjennom nok eit år der korona har påverka konfirmasjonsundervisninga i sokna. Det er bra for sokna å få meir normale rammer rundt arbeidet sitt. Samtidig registrerer me at mange tilsette har brukt mykje krefter dei siste åra, og det blir derfor viktig å gi motivasjon, omsorg og inspirasjon til kyrkjelydane.

I 2021 har me jobba med ein fagdag for prestar som skal gjennomførast i 2022. Bakgrunnen for fagdagen er at det tidvis kan vera både givande og krevjande å vera konfirmantlærar. Ungdomskulturen er i endring. Kyrkjelydane melder om ein auke i psykiske utfordringar blant konfirmantane, og at fleire har problem med å vera med på leir eller delta på sosiale samlingar i undervisninga. Nokre fortel også om kull som kan vera vanskelege å leia. Me ønsker å gje motivasjon, faglege innspel og tips til å gode og trygge rammer for undervisninga.

Me arbeider også med prosjektet "Dåpspakke for konfirmantar". Meir om dette prosjektet er å finne under punktet om dåp. Me ser også at det kan vera eit spenn mellom tradisjonelt katekismestoff og konfirmantane si erfaringsverd. Det viser seg vanskeleg å få konfirmantane til å delta vidare i kyrkjeleg aktivitet etter konfirmasjonstid. I løpet av 2022 vil me vurdere å starta ei prosjekt for å sjå på dei store linjene i korleis konfirmasjonsundervisninga engasjerer konfirmantane.

Elles gjev me støtte til felles konfirmantleir for kyrkjelydar i Ryfylke prosti. Her finst fleire små konfirmantkull som vil ha stor glede av kunne møtast på ein leir med høg kvalitet.

## 2.4. Mål: Kyrkja har trusopplæring for vaksne

Det er ei utfordring når oppslutninga på sentrale område ikkje held seg oppe. Sjølv om kyrkja framleis har svært brei oppslutning, peikar viktige piler i feil retning. Dette blir bekrefta i undersøkingar som er gjort om medlemmane si tru og relasjon til kyrkja. Negative trendar kan dessutan vera sjølvforsterkande. Koronatida har vore år med grenser for aktivitet på viktige område. Det har gjeve mindre kontakt med folk.

Medlemsundersøkinga viser ei positiv utvikling når det gjeld kor mange av medlemmane som er sikre på at Gud finst. Talet går frå 24 % i 2019 og 2020 til 26 % i 2021. Talet på dei som svarer at dei er sikre på at Gud ikkje finst er stabilt, det vil seie 15-16 %. Eit interessant funn er at heile 37% av medlemmane i bispedømmet svarer at dei trur på "ei kraft som kan vera Gud". Halvparten av medlemmane svarer at dei ber til Gud.

I undersøkinga i 2020 svarte 55 prosent at dei meiner det er viktig at unge lærer dei kristne forteljningane. Dette talet er 51% i 2021. Når det handlar om eige ønske om å læra meir om kristendommen, er det ein nedgang frå 29% i 2020 til 22% i 2021. Me veit ikkje om noko konkret som kan forklara ein så brå nedgang, men det viser at slik kyrkja i stort framstår, så er ho i for liten grad noko folk blir nysgjerrige på og får lyst til å vera ein del av til dagleg.

### Korleis møter kyrkja folk i dag?

Mange har i dag ei individualistisk tilnærming til tru og religion. Færre set si lit til kollektive institusjonar og tradisjonelle autoritetar som til dømes kyrkja.

Det er interessant at halvparten ber til Gud, når berre 26% svarer at dei er sikre på at dei trur på Gud og 37% svarer at dei trur på ei kraft som kan vera Gud. Når ein større del då likevel vel å be til Gud, kan det tyda på at kan ha ei aning om at Gud finst, men at dei ikkje identifiserer seg med tru eksplisitt på det når dei får spørsmålet så direkte.

Når talet på kor mange som ønsker å læra meir om kristendommen går ned, kan det henda at det speglar at ordet "læra" får folk til å tenka på at nokon skal fortelja sanninga om korleis alt er og heng saman, og at ein då kjem i ein klassisk lærar og elev situasjon. Det er ikkje sikkert det er like freistande for alle. Kanskje er folk meir interesserte enn det undersøkinga viser, men at dei vil nærma seg kristendommen på andre måtar i dag enn tidlegare? Kanskje fleire ville vore interesserte i å utforska liv og tru, i staden for å berre læra. Mange snakkar om at vår tid legg vekt på oppleving og erfaring, så å møta kristendommen gjennom estetikk, kultur og oppleving kan vera vel så attraktivt som ein læringsituasjon.

For å formidla tru er det viktig å møta folk der dei er, i det dei er opptekne av og det som betyr noko for dei. Mange er opptatt av dei store spørsmåla i livet, samtidig som dei skal meistra kvardagen. Trua kan vera ei kjelde til meining, til å vera ein del av ein større samanheng og i kontakt med noko større enn seg sjølv. Kyrkja i vår tid ønsker ikkje å diktera, men vera ein god samtalepartnar og medspelar, ut frå sine kjelder. Å kommunisera kristen tru utan å stå fram som autoritære, belærande eller påtrengande blir avgjerande. Kyrkja må våga å romma spørsmål og søka relevans og nærleik til livet.

På denne bakgrunnen har bispedømmet arbeidd med eit prosjekt for å gjera tru opent tilgjengeleg i ein form me håpar mange kan gripa. Prosjektet "Portalar til tru" handlar om å møta menneske der dei er og utvida det tradisjonelle rommet for tru. Gjennom åtte portalar, mellom anna natur,

kultur høgtid, bibel og kyrkje, blir kristendommen presentert knytt til fellesmenneskeleg erfaring, i eit språk som ikkje føreset ein kyrkjeleg bakgrunn.

Portalane skal opna opp og skapa gjenkjenning hjå medlemmane. Målet er å styrka tru og gjera sentrale element i kristen tru kjende. Dette skal konkretiserast i ei eiga nettside, ei brosjyre som kan delast breitt ut og stoff til sosiale media. Me planlegg stoff til kyrkjelydsblad og ressursar for kyrkjelydar. Prosjektet nærmar seg å bli ferdig til lansering, så i 2022 vil me arbeida med å setja det i gang.

## 2.5 Mål: Tilbodet til unge i kyrkjelydane blir styrka

Nøkkelindikator: Talet på ungdomstiltak og deltakarar på desse

2021 gav vekslende føresetnadar for tilbod til ungdom. Fleire rapportar peikar på at det har vore ein auke av mentale utfordringar for ungdommar, som til dømes angst og depresjon, som ein konsekvens av lengre tids isolasjon og fråvære av jamleg samvær.

Kyrkjelydane har halde tilbod til barn og unge så opne som mogleg i løpet av pandemien. Å ha faste aktivitetar har vore viktig, ikkje minst sidan desse er viktige nettverk for deltakarane. Å halda på ungdom i klubbsamheng har likevel vore ei utfordring. Uregelmessige opningstider og manglande kontaktinformasjon til deltakarar har gjort at nokon ikkje har kopla seg på. Også i barne- og ungdomsarbeid finst det fleire som er forsiktige, fordi dei har kontakt med menneske i risikogrupper.

Totalt sett ser me at året var betre enn fjoråret. Det var fleire tilbod til ungdom etter konfirmasjonsalder, sjølv om desse ikkje når like breitt som anna trusopplæring. Det var også fleire tilbod til unge vaksne, mellom 18-30 år. Fleire stader i bispedømmet er det organisasjonane som fyrst og fremst har ungdomsarbeid, og då er det nokre gongar ikkje så lett eller aktuelt for kyrkja å gje eit eige tilbod.

I statistikken frå kyrkjelydane ser me at det har vore fleire leiarkurs for 13-17 åringar, men samtidig ein liten reduksjon i generelle tilbod og deltaking på desse. I Haugesund er deltakarar på LIV- og MILK-kurs med som leiarar i trusopplæringa.

Sjølv om den første tida i 2021 var prega av periodar med strenge restriksjonar, ser me at ungdom i stor grad har vendt tilbake til kjende aktivitetar og praksisar. Det er tydeleg at digitale alternativ ikkje erstattar tilbod om fysisk samvær. Digital trøtttheit har vore eit nytt omgrep. Begeistringa for digitale plattformer og verktøy i 2020 har vist seg å ikkje ha ein langvarig effekt. Digitale tiltak når eit avgrensa brukarsnitt og eignar seg best til å utveksla informasjon.

I både Haugesund og Stavanger er ein i gong med samtaletilbod for ungdom. Stavanger startar eit VENTIL-prosjekt, der kyrkjeleg tilsette blir tilgjengelege for samtalar, som kan avtalast på nett. Haugesund startar eit samtaletilbod for 13-20-åringar.

Me har nå fem prestestillingar med særskilt ungdomsfokus. Me samarbeider om ein stilling i U-kirke Stavanger, har ei stilling med fokus på ungdom i Ytre Stavanger, samarbeider med VID om ein studentprest, har fått ein byprest med fokus på ungdom i Sandnes og har ein prostiprest i Jæren som skal styrka ungdomsarbeidet. Me ser at det blir etablert nye tiltak ut frå dette og at eksisterande tiltak blir styrka. Pandemien har ikkje vore dei lettaste rammevilkåra, men me har tru på at tolsamt arbeid gjev resultat.



Då bispedømmerådet i haust delte ut prosjektmiddel, var støtte til tiltak for ungdom noko av det som blei prioritert. Fleire kyrkjelydar fekk støtte frå OVF-middel til å betra lokale for ungdom, me støtta ungdomsdiakonale tiltak, tilbod om leiartrening, møtepunkt med låg eller ingen terskel og klubbarbeid.

«Follow Me» er ein lokal organisasjon som støttar ungdomsarbeid og ungdomsleiarar ved å tilby personleg oppfølging og felles møtepunkt på tvers av sokn. Dei er nå kopla på NMSU – det norske misjonsselskaps barne- og ungdomsorganisasjon og får stadig fleire kyrkjelydar med på laget.

Me kartlegg også kor i bispedømmet det finst nettverk for ungdomsleiarar, slik at me kan setja dei som ikkje har dette saman med kvarandre.

Fleire kyrkjelydar har erfaringar med at det kan ta tid å bygga opp tiltak for ungdom. Det er lettare å få god oppslutning om tiltak for 10-12-åringar. Mellom anna seier prosten i Karmøy at fleire kyrkjelydar lukkast med dette. Kanskje kan fleire etter kvart bygga ungdomsarbeid på dette? På rådsleiarssamlinga i 2022 skal arbeid for denne gruppa vera eit tema.



Frå årsmøtet i Spill&chill og Mat&prat i Ukirke.

Foto: Ukirke på Facebook

### Ungdomsdemokratiet i 2021

Då ungdomstinget 2020 måtte avlysast, sa det sittande ungdomsrådet at dei kunne fortsetta eit år til. Ungdomsrådet hadde fire møte og behandla 13 saker i 2021. Alle møta blei gjennomførte ved fysisk oppmøte. To av sakane det blei brukt mest tid på var å oppdatere mandatet for Ungdomstinget og satsa på grønt ungdomsarbeid.

Bispedømmerådet vedtok i 2010 eit mandat som har vore retningsgjevande for korleis Ungdomstinget blir gjennomført. Formålet med Ungdomstinget har vore å samla ungdom til læring, utveksling av erfaringar og inspirasjon til vidare arbeid.

Ungdomsrådet ønsker at Ungdomstinget skal vera et kjent og etterspurt arrangement blant ungdom i Stavanger bispedømme. Evaluering har vist at desse ønska ikkje har blitt oppfylte. Låg deltaking, lite eigarskap i kyrkjelydar og manglande engasjement for saksarbeid blei

utslagsgjevande for at Ungdomsrådet over ein lengre periode har arbeidd med å finna ein betre form på Ungdomstinget.

Resultatet blei eit forslag til nytt mandat som gjev større fleksibilitet i form og innhald, tilpassa ungdomsarbeid i kyrkjelydar og ungdommane sine egne ønske. Stavanger bispedømmeråd vedtok i september 2021 det nye mandatet. Ungdomstinget kan framover i større grad bli ein inspirasjonskonferanse og eit møtepunkt for ungdom på tvers av kyrkjelydar. Arbeidet med saker kan ta former det er lettare for fleire å gå inn i.

Ungdomsrådet arbeidde også med eit resolusjonsforslag til Ungdommens Kyrkjemøte om klima og grønt ungdomsarbeid. Rådet har i lengre tid vore engasjert i klima og kyrkja sitt forvaltaransvar. Forslaget blei behandla på Ungdommens Kyrkjemøte i 2021 og vedtatt. Eit av måla framover er kunne få eit system for diplom til kyrkjelydar med ungdomsarbeid med klar miljøvennleg profil.

I 2021 fekk Ungdomsrådet gjennomført Ungdomsting og valt nytt ungdomsråd. Ungdomstinget blei arrangert for fyrste gong på hotell, med 26 deltakarar, 12 representantar frå barne- og ungdomsorganisasjonar, representantar frå utdanningsinstitusjonar og. Dessverre blei det nokre fråfall grunna sjukdom.

Med bakgrunn i det nye mandatet vart programmet dette året ganske annleis enn tidlegare. Det blei arrangert ekskursjon, seminar, verkstadar, festkveld (for å feira 20 års ungdomsdemokrati), møte med biskop og gudsteneste. Ungdomsrådet hadde valt «Ung frivillighet», «Trusopplæring i ei ny tid» og «Konfirmasjon» som saker som blei behandla i komitear. I tillegg blei det valt eit nytt ungdomsråd.

Deltakarar har gjeve gode tilbakemeldingar og bekrefta at den endringa som har vore gjort med tanke på program og form har vore riktig. Ungdomsrådet vil arbeida med å vidareutvikla Ungdomstinget og håpar å kunna engasjera enno breiare i åra som kjem. I 2021 har me planar om å kombinera ungdomstinget med ein ungdomskonferanse.



20 års-jubileet for Ungdomsdemokratiet ble feiret på Ungdomstinget.

### 3. Kunst- og kultur

#### 3.1 Mål: Kunst- og kulturuttrykk er ein del av kyrkjelivet

Nøkkellindikator: Talet på deltakarar på konsertar og kulturarrangement i kyrkjene

Kunst- og kulturuttrykk er ein del av kyrkjelivet på fleire vis. Kyrkjebygga, kyrkjerommet og kyrkjekunsten formidlar og understrekar i sin tause forkynning. Ein høg prosent som seier vedlikehald av kyrkjebygg er viktig viser at kyrkjebygga betyr mykje for mange. Snittet i landet for er 75 %, mens det i bispedømmet vårt ligg på 69 %. Det er ein nedgang frå 74 % året før. Medlemsundersøkinga for 2021 har gjennomgåande lågare tal enn tidlegare. Det kan handla om statistisk variasjon, men kan også varsla om at kyrkje og kyrkjebygg har mindre plass i folk sine tankar. I eit år med pandemi har det vore færre kyrkjelege arrangement som held medvitte oppe.

Kyrkjene er også viktige arenaer for konsert- og kulturarrangement. På spørsmål i medlemsundersøkinga om ein har vore med på konsert- eller kulturarrangement, fysisk eller digitalt, dei siste 12 månadene, svarer 14 % positivt på dette. Det er ein markant nedgang frå 2020 som hadde 18 % og for 2019 på 27 %. Det siste var før korona og alle restriksjonane, så dette er hovudforklaringa til nedgangen.

For konsert- og kulturarrangement har me tal rapportert til SSB frå alle kyrkjelydane:

Arrangement i kyrkjeleg regi	2018	2019	2020 – digitalt og fysisk <sup>6</sup>	2020- fysisk	2021
Konsertar	437	489	267	257	204
Publikumstal	58 788	53 756	30 331	4 870	23 140
Andre kulturarrangement	161	208	140	108	162
Publikumstal	13 652	29 128	52 315	8 089	19 235
Arr. totalt	598	697	407	365	366
Publikum totalt	72 440	82 884	82 646	23 159	42 375

Arrangement i regi av andre	2018	2019	2020	2021
Konsertar	295	346	204	238
Publikumstal	71 449	62 715	10 961	17 846
Andre kulturarrangement	48	53	39	35
Publikumstal	10 471	8 208	2 663	3 096
Arrangement totalt	343	399	243	273
Publikumstal totalt	81 920	70 923	13 624	20 942

Totaloversikt	2019	2020 alle	2020 fysisk	2021	%
Kulturelle arrangement totalt	1 096	650	608	639	31%
Publikumstal totalt	153 807	96 270	36 783	63 317	72%

<sup>6</sup> I 2020 rapporterte nokre sokn inn tal på digitale konsertar og kulturarrangement med publikumstal her. Dette utgjorde nær 20.000 i talet publikum på egne konsertar og 45.000 for egne kulturarrangement.

## Analyse

I tala for kulturaktivitet i sokna ser me ein auke for både arrangement og publikum samanlikna med 2020. Det er særleg tala på publikum som har hatt ein kraftig auke frå året før. Når me samanliknar med tidlegare år, ser me som forventa mykje lågare tal enn før pandemien. Det er særleg talet på publikum på konsertar i regi av andre som ligg langt bak normalår. Konsertar i regi av sokna er om lag 50 % lågare enn åra før pandemien.

Også dette året har kravd stor grad av evne til omstilling og fleksibilitet. Det har vore usikkert om konsertar ein har planlagt kan gjennomførast og om kor mange det har vore lov å ha i publikum. Dei strenge restriksjonane i desember resulterte i at dei fleste julekonsertane blei avlyste.

Nokre var heldige og fekk gjennomført konsertar og arrangement fordi dei var lagd til periodar kor det var mogleg å arrangera. Eit eksempel er Norsk orgelfestival, som kunne arrangerast som planlagt i september.

I 2021 hadde me eit godt og inspirerande samarbeid med Ryfylke Livsgnist i samband med Hans Nielsen Hauge-jubileet. Dei utvikla spelet «Haugespor» som dei turnerte med i heile landet. Dei hadde 36 førestillingar totalt, og mange av desse var i bispedømmet vårt. Dette ser me i dei relativt høge tala på andre kulturarrangement i kyrkjeleg regi.

I september inviterte me til frukostseminar saman med Ryfylke Livsgnist og LO Rogaland. Vel 70 personar var samla i Stavangeren kultur- og revyscene. Temaet var «Verdiskaping og leiarskap». Harald Stanghelle, Kjell Magne Bondevik og Jan Christian Vestre var med som innleiarar. Dette arrangementet var inspirerande i seg sjølv, men også eit godt eksempel på samarbeid mellom kyrkje og samfunn.

Me hadde også to arrangement under Litteraturfestivalen «Kapittel» i Stavanger, i samarbeid med Ryfylke Livsgnist. Det var kulturkveld i Hesby kyrkje og bokprat på Sølvberget. Det blei fullt av folk som høyrde på forfattarane Sven Egil Omdal og Trygve Riiser Gundersen og biskop Anne Lise Ådnøy.

Me avslutta Haugejubileet i bispedømmet med ein Haugefestival i november. I tillegg til samarbeidet med Ryfylke Livsgnist var også NMS, U-kyrke i Stavanger, VID og Kirkens Bymisjon med. Ved å formidla historia til Hauge og kva haugerørsla har betydd for landet og regionen, fekk me snakka om verdiar for vår tid. Samarbeidet om festivalen var i seg sjølv viktig og inspirerande.

I september vart ny kyrkje på Tau vigsla. Strand sokneråd la opp til eit omfattande kulturprogram i den nyopna kyrkja, og det vart mange godt besøkte konsertar og arrangement. Det har også vore fleire jubileum i 2021. Kyrkjelydane er flinke til å nytta jubilea til å lyfta kyrkja i lokalsamfunnet og invitera til flotte kulturarrangement. Slike arrangement når ofte langt ut.

Også Olavsdagene på Avaldsnes kunne arrangerast som planlagt i juli. Prosten på Karmøy skriv i sin rapport at «*Kantorene og menighetsrådene har vært kreative og engasjerte i å benytte de mulighetene vi til enhver tid har hatt til gjennomføring av arrangementene.*» Me høyrer samtidig at fleire kyrkjemusikarar melder at dei er slitne etter to år med pandemi. At fleire kyrkjelyder har hatt eigne dåpsgudstenester og mange konfirmasjonsgudstenester har også ført til meir arbeid enn normalt for mange av kyrkjemusikarane.

## Digital kyrkje 2021

Medlemsundersøkinga viser at mange har sett innhald frå Den norske kyrkja på sosiale medium i fjor. Det er høgast oppslutning om konsert- og kulturarrangement, med 23 %. Fleire følgjer med på dette enn på gudstenester.

Fleire av prostane rapporterer at mange er digitalt trøytt. Det gjeld både dei som produserer digitale sendingar og folk som er trøytt av å sjå på. Samtidig har enkelte kyrkjelydar produsert gode tilbod. Eit eksempel er Norheim på Karmøy, som la ut videoopptak av julesongar tatt opp i kyrkja kvar dag i romjula, med songarar og musikarar frå kyrkjelyden. Det var totalt over 4000 visningar på desse.

## Vegen vidare

Etter to år med pandemi, der langt færre har vore i kyrkjene enn tidlegare år, vil me ha fokus på opne og inviterande kyrkjer og arrangement. Me kan ikkje ta for gitt at alt blir som før utan at me arbeider med dette. Mange har fått nye vanar, og nokre vil framleis vera redde for smitte og å vera saman med mange.

Dette året feirar me frivilligheita. Det vil me nytta til å utvikla verktøy for kyrkjelydane med vekt på å invitera til nabolagsfestar, halda kyrkjene opne og arbeida med drøymebilete for kyrkjelyden framover. Me vil også invitera oss til prosti- og fellesråd for å setta søkelys på kulturarbeidet i kyrkja og å satsa på kunst og kultur. Me vil halda fram med fagsamlingar for kyrkjemusikarane, kor dei får fagleg påfyll og erfaringsutveksling.

## Kor

KOR	2017	2018	2019	2020	2021
Barnekor	125	116	112	111	103
Medl. barnekor	2 706	2 525	2 356	2 328	2 135
Vaksenkor	72	66	67	66	63
Medl. vaksenkor	1 646	1 578	1 558	1 369	1 277

Også i 2021 har det i lange periodar ikkje vore aktivitet i kora. Særleg for vaksne har det store delar av året ikkje vore mogleg å samlast til øving. Dette har gjort det utfordrande å halda oppe motivasjon og engasjement hjå medlemmane. Ut frå dette er det gledeleg å sjå at tala for vaksenkor ikkje har endra seg mykje.

Barnekor viser ein nedgang på 8 kor og 193 medlemmar. Ser me på tala prostivis er det auke i tala på medlemmer i barnekor i både Ryfylke og Ytre Stavanger. Dei andre prostia viser ein liten nedgang, med unntak av Karmøy som har ein nedgang på 6 barnekor og 161 færre medlemmar. Ein kyrkjelyd kommenterer at dei har orgelelevar og ein handbjelleklubb som ikkje viser igjen i rapporteringa.

## Vegen vidare

Kor er viktige i kyrkjene. Det er ein generell trend i samfunnet at me syng mindre. Nokon snakkar om stemmeskam. Dette erfarer me og i kyrkjene. Me vil derfor fortsetta arbeidet med å styrka fellesskapsongen i kyrkja. Kora er viktige i dette arbeidet, og me vil derfor halda fram med samarbeidet med Ung kyrkjesong og Kyrkjesongforbundet. Gjennom året vil me i samarbeid med kyrkjemusikarane jobba med å finna gode tiltak som kan vera med på å løfta songen i kyrkjene.

## 2 Mål: Fleire opne kyrkjer

Nøkkelindeikator: Talet på opne kyrkjer

Opne kyrkjer	2017	2018	2019	2020	2021
Opne kyrkjer	34	42	43	57	57
Tal på dagar	1 265	1 387	1 558	1 352	1 373

Dei siste åra har me sett søkelys på opne kyrkjer. Medlemsundersøkinga viser at 46 % ønsker tilbod om opne kyrkjer utanom arrangement.

Våren 2021 var opne kyrkjer tema på samling for alle kyrkjevevjer og prostar. Det blei fokusert på kvifor det er viktig å ha opne kyrkjer og korleis ein kan leggja til rette for at fleire kyrkjer er opne når det ikkje er arrangement. På grunn av pandemien blei samlinga digital. Me mista ein del av momentet frå samlinga då det vart nye nedstengingar.

Nokre kyrkjelydar som har halde kyrkjene opne har merka at interessa ikkje har vore så stor. Det er ikkje same tradisjon for å søkja til kyrkja utanom reiser og større kriser, og mange er kanskje vane med at kyrkja er stengt.

Pilegrimsarbeidet har vore viktig for arbeidet med opne kyrkjer. Sommaren 2021 haldt ein fram med det flotte samarbeidet mellom Utstein Pilegrimsgard, Rennesøy sokn og MUST (Museum Stavanger) om faste tidebøner i klosterkyrkja kvar dag. Klosterkyrkja hadde ope 60 dagar og det blei registrert 1347 besøkande (2020:1050). Dette er ikkje med i statistikken frå SSB. Me ser at etableringa av regionalt pilegrimssenter på Avaldsnes også har gitt fleire besøkande i kyrkja der.



### Vegen vidare

Opne kyrkjer vil vera tema på møte gjennom året. Det vil også vera eit viktig tiltak i samband med frivillighetsåret. Det må arbeidast med korleis ein kan informera om tilbod om opne kyrkjer og gjera det godt synleg når kyrkja er open. Me må halda fram arbeidet for å skapa tryggleik for og tilgang på frivillige for å kunna halda kyrkja open. Korleis ei open kyrkje står fram og korleis ein blir møtt er viktig for opplevinga. Nokre som kjem vil kalla seg turistar, andre reknar seg som besøkande eller pilegrimmar.

Kyrkja er også opne for nabolaget. Me treng ikkje definera kva dei som kjem er, men kan håpa at dei som kjem inn som gjester vil gå ut som pilegrimmar.

## 4. Kyrkje og samfunn

### 4.1. Mål: Fleire kyrkjelydar med diakonal betjening

Nøkkellindikator: Talet på kyrkjelydar med diakonal betjening.

I bispedømmet er det nå 74 kyrkjelydar med diakonal betjening. Det utgjer 80 prosent av kyrkjelydane. To fellesråd har meldt at dei har konkret interesse for å oppretta ny stilling, viss bispedømmet kunne gått inn med friske tilskotsmiddel.

Dei nye diakonstillingane frå 2019 og 2020 er nå i gang. Målgruppa til dei fleste er barn og unge.

U-kirke Stavanger har blitt eit fast tiltak i Stavanger. Bak prosjektet står 16 kyrkjelydar i Stavanger kyrkjelege fellesråd, saman med Det norske misjonsselskap og deira barne- og ungdomsorganisasjon, NMSU. U-kirke har eit klart diakonalt preg og lagar fellesskap og aktivitetar for unge i alderen 15-30 år.

Stavanger kyrkjelege fellesråd ser òg for tida på korleis diakonane og kyrkjelydane i byen kan nå lengre med å arbeida saman. Det er i 2021 blitt laga ein felles plan for kyrkja sitt omsorgsarbeid i Stavanger på vegne av kyrkjelydane, Kyrkjelydane i fellesrådsområdet vil arbeida vidare med fire omsorgsområde som blir satsningsområde i 2022. Det er omsorg 15-30, kyrkja sitt samtaletilbod, utanforskap og frivilligheit.

Sandnes kyrkjelege fellesråd held fram med sitt arbeid i rusmiljøet. Byprestane arbeider innanfor rusmiljøet i Sandnes. I 2021 starta det ein ny prest og diakon hjå byprestane, som skal arbeida inn mot sårbar ungdom og ha samtaletid ved Gand og Vågen vidaregåande skular.

Karmøy kyrkjelege fellesråd tilsette prostidiakon hausten 2019 . Frå kommunen si side var dette eit prøveprosjekt, men stillinga er nå blitt ført vidare som fast stilling. Diakonen arbeider breitt, med fellesskap for eldre, livsmot for ungdom og tilbod til menneske med utviklingshemming.

Kyrkja i Haugesund aukar innsatsen sin for ungdom ved å etablera "Samtaletilbodet 13-20". Dette er eit tilbod til ungdom som ønsker fortrulege samtalar med vaksne over tid, Samtalene kan finna stad kor som helst, på kafé, på ein spasertur eller i eit rom i menighetshuset midt i byen. Ein diakoniarbeidar som arbeider på tvers av sokna i byen leier arbeidet.

### 4.2. Mål: Fleire kyrkjelydar tilbyr fellesskap til nye i Noreg

Nøkkellindikator: Talet på kyrkjelydar med tilbod innan integreringsarbeid

Me har ikkje hatt fagdagar eller systematiske tiltak på bispedømmenivå for å styrka innsatsen blant nye i Noreg i 2021.

Me har vurdert eit prosjekt om humanitære korridorar – eit prosjekt inspirert av kanadiske og andre land sine ordningar for å leggja til rette for privat engasjement for å ta imot flyktningar. Me har vore på møte med Kyrkjerådet, NOAS og UNHCR sine representantar. Ideen står fram som eit spennande, men også arbeidskrevjande prosjekt.

Me trur det finst interesse i kyrkjelydar og samfunn for å ta imot fleire flyktningar. Me har hatt møte med Stavanger kommune og universitetet for å kartlegga kva som er mogleg hjå oss, men ser at det er ein del organisatoriske og systemiske hindringar som må ryddast av vegen før eit slikt prosjekt kan setjast i gang. Det må også setjast av nok ressursar til at prosjektet kan drivast

forsvarleg. Me har ikkje tatt endeleg stilling til om og eventuelt korleis bispedømmet skal engasjera seg, men ser behov for vidare dialog og avklaringar med aktuelle samarbeidspartnarar.

Det har kome færre flyktingar til Noreg dei siste åra. Utfordringa er i stor grad å leggja til rette for inkludering av dei som alt er på plass. Me har hatt oppfølging av Kyrkjemøtet sin sak om kristne migrantar oppe i bispedømmerådet og startar arbeid med å skapa kontakt og bli kjende med migrantkyrkjelydar i 2022.

Rett før jul deltok kyrkja på Tau i ei spontan innsamling til nye flyktingar i kommunen. Prosten beskriv dette som ein flott og travel erfaring som nådde breitt ut i lokalsamfunnet.

22 sokn rapporterte at dei har hatt tilbod direkte retta mot innvandrarar. Dette er det lågaste talet på nokre år, noko som tyder på at dette har vore vanskeleg å få til i løpet av pandemien. Me har ønska å få til ein fagdag om dette lenge og det står framleis i planane.



Strand sokn samarbeida med Flyktingetenesten om organisering og formidling av julegaver til nyankomne flyktingar på Tau.



### 4.3. Mål: Styrka arbeidet med religionsdialog

Nøkkelindikator: Talet på fora for dialog der kyrkja er med

Arbeidet med religionsdialog på bispedømmenivå skjer fyrst og fremst gjennom Kyrkjeleg Dialogsenter Stavanger og Samarbeidsrådet for trus- og livssynssamfunn i Stavanger. Desse har igjen aktivitetar lokalt.

Dialogsenteret blei oppretta i 2012. Bispedømmerådet har to representantar i styret, inkludert biskopen. Mellom 2021 og 2022 blir det skifte av dialogprest. Rådgivar for misjon har også kopla seg noko tettare på arbeidet i STL, og dette skal me vurdere om me vil halda fram med.

Som i 2020 måtte mykje avlysast. Det har vore fleire dialogkveldar med aktuelle tema digitalt eller fysisk. Mellom anna stilte pensjonert professor i medievitskap Knut Lundby og sjefredaktør Lars Helle på ein kveld om religion i media sitt søkelys. Kvelden viste at media først og fremst tek tak i konflikter og spesielle hendingar, noko som gjer det vanskeleg for alle religionar å stå fram med eit oppdatert bilete av seg sjølv. Ikkje minst er dette vanskeleg for muslimar.

Dialogsenteret og STL samarbeider tett om ulike tiltak. STL er medarrangør på dialogkveldar, samarbeider med kommunen og tek initiativ til felles markeringar ved behov. SIAN hadde ein demonstrasjon sommaren 2021, der dialogpresten engasjerte seg i forkant for å ikkje gje organisasjonen unødvendig merksemd. Demonstrasjonen blei likevel ei hending med konflikt ut over det som er vanleg.

STL har også hatt kurs om ny trus- og livssynslov. Arbeidet i STL skapar gode relasjonar mellom leiarar og representantar for ulike trus- og livssynssamfunn. Dette er symbolsk og praktisk viktig i byen. STL gjer også avstanden mellom minoritetar og kommunen mindre.

Dialogpresten tok også initiativ til eit vellukka arrangement i Egersund, med møte mellom kommuneleiinga og religiøse leiarar i byen. Dialogsenteret har eit særleg nært samarbeid med Domkyrkja og St Petri sokn og St Johannes sokn.

Nye satsingar har måtta vera på vent, men ein arbeider med vennskapssamarbeid mellom kyrkjer og moskear. Prest og imam har tradisjon for å besøka flyktningar i mottak og orientera om tru og religion i Noreg. Dialogpresten har kontaktmøte med bispedømmekontoret. Det er også oppretta eit fellesskap med folk av ulik bakgrunn som les Bibelen og feirar nattverd i ei open og samtaleprega ramme.

Dialogsenteret har òg hatt jamt samarbeid og dialog med nyåndelege miljø, gjennom alternativmesser, seminar og kurs. For tida forskar ein av dialogprestane på aspekt ved dette miljøet. Dialogsenteret har også stillingar retta mot religionsdialog for ungdom.

### Vegen vidare

Dialogsenteret ser fram til å kunne starta med ny, konkret dialogaktivitet. Me vil halda fram med å støtta arbeidet og bygga relasjonar.

#### 4.4. Mål: Kyrkja aukar det digitale nærværet

Nøkkelindikatorar: Talet på kanalar i sosiale medium,  
talet på fylgjarar pr. kanal  
talet på postar pr. veke pr. kanal.

Etter eit år med kraftig vekst og bratt læringskurve for kyrkja sitt digitale nærvær, blei 2021 eit år der mykje flata ut. Mange sokn kunne flyta fint på etableringar og læring som blei gjort i starten av pandemien, men den tydelege digitale satsinga frå 2020 har i løpet av 2021 blitt meir variabel. Generell korona-slitasje og usikre rammer for planlegging er nokre av dei viktigaste grunnane.

Sidan 2021 i periodar opna for fleire fysiske arrangement og meir ordinær aktivitet, liknar også fleire av bispedømmet sine kommunikasjonstal på eit normalt år. Samtidig ser me nokre positive, meir varige spor av digital satsing frå starten av pandemien av.

#### Sosiale medium

På Facebook har fylgjarskaren til "Stavanger bispedømme" gått frå 1115 ved starten av året til 1182 ved utgangen. I 2021 blei det posta 133 innlegg, mot 229 i 2020, det vil seie i snitt 2,5 postar pr. veke (mot 4,4 i 2020).

Facebooksida nådde 30.000 personar i 2021, noko som og er ein halvering frå året før, omtrent proporsjonalt med talet på postar. Folk har vore mindre interesserte i digitalt innhald når samfunnet har vore meir ope. I 2021 hadde me heller ikkje andaktstafett eller adventskalender på Facebook, noko som i 2020 trakk tala høgare opp. Kommunikasjonsressursane har blitt brukt til anna arbeid, for eksempel satsing på kyrkjelydsblad.

Me ser at dei som følgjer bispedømmet på Facebook i stor grad er "kyrkjefolk". Dei er anten tilsette, frivillige medarbeidarar eller kyrkjegjengarar. Dette styrer til ein viss grad kva type innlegg me legg ut. Det er ikkje naturleg at bispedømmet-nivået samlar "folk flest" på sosiale medium. Den viktigaste oppgåva for bispedømmet i dette er å rusta kyrkjelydane til å gjera best mogleg arbeid. Likevel prøvar me å ikkje la Facebooksida berre vera kanal for intern kommunikasjon: Innlegga skal vera relevante for dei som følgjer oss og samtidig fortelja alle som ser dei noko fint om kva me held på med i kyrkja i Stavanger bispedømme.

Av videoar som nådde mange i 2021 finn me ein frå Bogafjell kyrkje, der soknepresten får det nye samtaleheftet om dåp, og "Biskopen og lekmannen", ein samtale om Hans Nielsen Hauge mellom biskopen og Tor Øyvind Skeiseid. Begge nådde over 800 personar. Dei som nådde flest var ein sponsa video med reklame for Haugefestivalen som over 7000 fekk med seg, og ein video med kapellan Ingvild Bjørnøy Lalim som seier fram ei truverdtkjenning konfirmantane har laga. Den såg 3350 personar.

Det er framleis nytt om folk som skapar mest engasjement på Facebook. Innlegg om tilsettingar når i snitt mange fleire enn andre typar postar. Av vanlege innlegg var det likevel bilete frå HEL-koret på Karmøy si sommaravslutning som skapte mest engasjement og nådde over 3000 personar. Glede over at det var mogeleg å samla folk, nøgde deltakarar i inkluderingsarbeidet og fine sommar-bilete var ein god kombinasjon. Bilete frå prostidagen på Karmøy med bønestasjoner på Åkrasanden blei òg vist for meir enn 3000.



Årets mest likte bilete, frå HEL-koret si sommaravslutning på Fredtun, Karmøy.  
Foto: Janne Kristine Eng

I 2021 starta me Instagramkontoen @KirkeniRogaland". Den fekk 250 fylgjarar og hadde 58 innlegg i perioden frå 1. september til 31. desember, det vil seia 3,4 innlegg pr. veka. Ein satsing i denne kanalen var ein adventskalender med kyrkjetilsette og frivillige som viste fram sin favorittjulepynt. Kanalen nådde i 2021 nær 900 kontoar (eit overslag grunna manglande statistikk frå dei fyrste månadene). Planen var å visa fram fine kyrkjebygg og vakre detaljar til eit breiare publikum enn me har på Facebook. Likevel ser me her òg at innlegg om folk skapar størst interesse.

Biskopen si Facebook-side, "Stavanger biskop, Anne Lise Ådnøy," har hatt ein liten auke frå 1093 til 1157 fylgjarar. Sida nådde nær 15.000 i 2021. Her blei det posta 54 innlegg, i snitt eit i veka.

Talet på reaksjonar på innlegga til biskopen ligg framleis jamt høgt i forhold til talet på fylgjarar på denne sida, sjølv om han ikkje når ut til like mange som Stavanger bispedømme-sida. Biskopen har fortsett med å leggja ut ein post kvar onsdag, noko som gir aktivitet og nærvær på sida. På denne sida ser me tydeleg at når ho "set ord på det som er viktig for folk" (jf. medlemsundersøkinga), så reagerer folk svært positivt. Det kan vera seg tema som korona, klima, natur eller kvardag.



Frå adventskalenderen på Instagramkontoen KirkeniRogaland

## Nettsider

Her er statistikk over bruken av nettsida vår i 2021.

www.kirken.no/stavanger	2020	2021
Økter	77 000	67 000
Sidevisningar	160 000	109 000
Brukarar	43 400	51 000

Unike sidevisningar:

- Startside Stavanger bispedømme: 14 600 (frå 18 600)
- Aktuelt: 2 500 (frå 7 600)
- Om bispedømmet: 4 000 (frå 5 000)
- Kontakt oss: 3 100 (frå 4 000)
- Bispedømmerådet: 2 400 (frå 3 300)
- Biskopen sine sider samanlagt: 1 700 (frå 1 100)

I tillegg:

- Korona-informasjonsside: 3 500 (mot 6 000 i 2020)
- Jubileum for Hans Nielsen Hauge – visningar av fleire temasider lagt saman: minst 3 500
- Ledige stillingar: 1 400 (mot 3 200 i 2020)
- Høyringsprosessen om ny kyrkjeleg organisering: 700

Samanlikna med 2020 hadde me i 2021 klart fleire unike brukarar av nettstaden, mens talet på økter gjekk tydeleg ned. Årsaka til dette kan kanskje sjåast i ein auke på 36 % i talet på

førstegangsbrukarar. Fleire folk er innom, men dei nøyer seg med færre økter og visningar: Talet på økter pr brukar har gått ned med 25 %. Det kan kome av at folk bruker lenker frå Facebook eller nyheitsbrev for å sjå ein artikkel, og ikkje i like stor grad er inne på nettstaden og blar rundt.

Visningar av Aktuelt-sida har hatt eit kraftig fall, noko som nok kan forklarast med ei flytting av sjølve blokka med aktuelt-saker. Den ligg no høgare på sida og det er enklare å gå inn på den enkelte aktuelt-saken utan å gå om Aktuelt-snarvegen, slik at denne ikkje får særleg mange direkte treff. Elles speglar fallet meir normal bruk av nettsidene etter den spesielt høge aktiviteten i koronastart-året.

Biskopen sitt område på nettsidene blei oppgradert i oktober 2020. Det kan sjå ut som fornyinga og ei litt meir aktiv bruk har gjort at fleira har oppdaga biskop-sidene. Den hadde til saman 600 fleire visningar i 2021 enn året før. Her er blant anna artiklar frå visitasar samla, preiker og taler av biskopen og ei side med pressefoto.

### Kyrkjelydane sitt digitale nærvær

Nær 90 % av sokna sa i 2020 at dei ville fortsetta med digitale aktivitetar i 2021. Berre halvparten meldte at dei hadde det dei trengte for å gjennomføra dette.

I Kyrkjerådet si undersøking av digitale tiltak i kyrkjelydane i 2021, svarte 63 % av sokna i Stavanger. Derfor er tala noko usikre. Av dei som svarte, seier 20 sokn at dei sendte 346 gudstenester som berre var digitale (ikkje strøyming av fysiske gudstenester). I 2020 la 73 % av alle sokn ut digitale gudstenester. Eit sokn sendte kvar sundag i 2021, og drar opp statistikken.

Deltakartalet på gudstenester som inkluderer både reint digitale og strøymingar av fysiske, var 56 346. Gudstenestene blir sendt på heimesider, Facebook og Youtube. 20 sokn seier dei har publisert ein digital andakt, preik eller bøn. Dei fleste har gjort det færre enn 10 gongar i løpet av 2021. Berre ni sokn har sendt digitale konsertar, salmar eller kortare musikalske innslag.

Fleire lagde digitalt innhald for barn: 16 sokn fortel om dette. Våren 2020 dreiv nesten 60 % av sokna trusopplæring på nett, hausten 2020 gjorde 30 % det. Viss dei 66 % som svarte på undersøkinga for 2021 er representative, utgjør dei 16 sokna rundt 25% av alle sokn. Dermed har ikkje den digitale aktiviteten for barn og unge falt i same grad som dei andre områda.

Sjølv om me etter 2020 hadde mange gode intensjonar om å halda fram med den digitale aktiviteten, viser oppsummeringa etter 2021 at det ikkje gjekk heilt slik. Til dels har kyrkjelydane gjort fornuftige prioriteringar av fysiske samlingar, men me har heller ikkje vore rigga for ei felles, systematisk satsing for å vera kyrkje på nett. Kanskje var heller ikkje behovet det same som året før? Både medlemmar, tilsette og frivillige gjekk nok litt trøytte av digitale løysingar utover i 2021.

Prostane fortel om dette i sine årsrapportar. «Jeg ser at 2021 ble et år der både ansatte og frivillige var mer slitne av å skulle bidra på nett og sosiale medier enn året før», skriv ein prost. «Det var ikkje same iver over digital satsing dette året», skriv ein annan. Samtidig blir det meldt at «Alle kyrkjelydane har eiga heimeside, men desse er ikkje alltid heilt oppdaterte. Alle kyrkjelydane er på Facebook, og brukar denne kanalen aktivt for å reklamere for arrangement.»

«Kommunikasjon på heimesider og sosiale media er framleis område kor kyrkjelydane har utvikla seg positivt, sjølv om det enno er eit stykke igjen. Sosiale media spelar ei viktig rolle i kommunikasjonen med dei som allereie er innafør. Det bør jobbast vidare med bevisstgjerung i kor

viktige dei konvensjonelle heimesidene er når det gjeld formidling av det kyrkjelege tilbodet», skriv prosten i Jæren.

2021 var slett ikkje berre slitasje og digital nedgang.

Fleire sokn har også dette året hatt gode tiltak, skreddarsydde til pandemien, fortel prosten i Randaberg. Eit eksempel er at dei i Randaberg kyrkjelyd ved jul og påske delte ut aktivitetsposar i postkassene til familiar før dei blei inviterte til digitale familiegudstenester der aktivitetsposane blei nytta.

Prosten i Haugaland skriv: «*TV-overførte gudstjenester har vært et godt supplement i koronaåret. Fra og med høsten 2020 og fram til april 2021 hadde Karmøy og Haugaland prostier avtale med TV Haugaland om å sende gudstjenester fra de aller fleste av kirkene våre. Dette har mange satt pris på. Seertallene var høye, og menighetene opplevde det som fint å kunne dele sine gudstjenester med andre på denne måten. Samtidig ble det klart at prisen ble for høy, økonomisk sett. Derfor har denne avtalen ikke blitt forlenget. Unntaket var julaften og juledag, da det ble sendt gudstjenester fra Aksdal kirke.*»

«*Den digitale kompetanse, mot, gjennomføringsevne og kreativitet har blitt videreutviklet dette året*», skriv Domprosten. «*Den digitale satsningen har vokst frem ut av nødvendighet, og ønsket om at ingenting skal kunne stoppe oss fra å være kirke og nå ut med håpets budskap. Svært mange gudstjenester har blitt strømmet og lagt ut på nett denne tiden. Nevner spesielt Bekkefaret som har strømmet sine gudstjenester kontinuerlig siden pandemien startet.*»

Prosten trekk og fram godt samarbeid med Stavanger Aftenblad om strømming av gudstenester i høgtidene.

«*Ikke minst må også nevnes samarbeidet med NRK i forkant av påske, hvor vi gjorde opptak av påskens gudstjenester, og St. Petri kirke var NRKs påskekirke. Vi har i fellesrådsområdet laget en digital bank med sykehjems-andakter. Disse brukes aktivt på sykehjemmene, og vises både felles og på de enkelte roms TV-apparat. Vi har over en lang periode både fått god kompetanse på å være digital kirke, og vi har sett at vi når flere*», skriv Domprosten.

### **Kva seier medlemmane?**

Medlemsundersøkinga for 2021 var den fyrste undersøkinga gjort i eit heilt korona-år, noko som viser seg tydeleg i tala som gjeld deltaking. Likevel har Stavanger ei av dei minste falla i deltaking, med berre fem prosentpoeng ned, frå 82 % til 77 %. Ei forklaring her kan vera at sjølv om den digitale aktiviteten vår sank frå 2020 til 2021, har han ennå vore høg nok til at digital deltaking veg litt opp for manglande moglegheit til å møta opp fysisk.

Når det gjeld forventningane medlemmane har til kor dei kan få vita ting om kyrkja, seier 77 % at dei ville googla eller søkt opp ei nettside for å finna informasjon. Det er ein klar beskjed til sokna og fellesråda om å ha oppdaterte heimesider, som og let seg finna lett i google-søk (SEO-optimalisert). Berre 6 % ville søkt på sosiale medium etter informasjon. Samtidig seier heile 46 % at dei har sett eit eller anna innhald frå kyrkja på sosiale medium. Dette er ein auke frå året før, og vitnar om at mange sokn framleis gjer eit solid digitalt arbeid.

## Vegen vidare

“Kva fylgjer får den digitale satsinga frå 2020 vidare?” spurte me i årsrapporten for 2020. Eit svar er at mange sokn blei utrusta til å vera digital kyrkje, både i økonomi og kompetanse, noko dei har nytta seg av òg i 2021. Eit anna svar er at me har lært mykje som gjer at digitale tiltak treff betre – det har nok blitt noko meir kvalitet samtidig som kvantiteten er blitt mindre.

Rambøl-tala frå 2020 sa at mange vurderte viljen større enn mogelegheitene til å vere kyrke på nett. Andre undersøkingar synte at dei tilsette først og fremst ynskte seg meir kompetanse, deretter inspirasjon og så økonomisk støtte.

Også i 2021 delte bispedømmerådet ut middel til prosjekt som handla om digital kyrkje, men i langt mindre skala enn i det store støtte-løftet til digital aktivitet i 2020. Likevel er nok dei fleste sokna nå brukbart rusta når det gjeld utstyr. For dei som ynskjer å satsa meir digitalt enn dei gjer nå, er det naturleg å tru at meir kompetanse og inspirasjon er det som trengs mest. Satsing krev også at leiarar på alle nivå legg til rette for gode rammer rundt tidsbruk og samarbeid. Me må framleis styrka medvitet om verdien av å vera kyrkje på nett.

Mange fortel at dei hovudsakleg brukar Facebook til å reklamera for arrangement. Det viser at me enno har vegen føre oss når det gjeld å vera kyrkje på nett og ikkje berre *fortelja* om kyrkja på nett. Det er ein distinksjon som i mange tilfelle avgjer om ein når ut over sine inste sirklar. Medlemsundersøkinga syner at det i all hovudsak er dei “grøne” medlemmane som får med seg kyrkja sine innlegg på sosiale media.

Å vera kyrkje på nett var ei redning og ein strålende Plan B under pandemien. Faren er at det er slik me nå tenker om det å vera digital kyrkje: som ei reserveløysing. Skal me ta på alvor at internett og sosiale media er ein stad folk er der kyrkja enno ikkje har nådd fullt ut? Viss det er slik, er det viktig å støtta dei som ligg litt lengre framme, som kan inspirera og gjera jobben lettare for dei som kjem etter.

Trenden er framleis at mange unge brukar større deler av tida si på nett. Dessutan er det stadig større grupper som strever med liva sine. Dette gjev tydelege signal om at kyrkja trengst der folk er. Diakoni som nestekjærleik og trygge fellesskap er eit godt utgangspunkt for å vera offensive på dei digitale arenaene. Digital trøttheit, grunnleggande behov for vanlege analoge relasjonar og eit debattklima i samfunnet som kan ha bruk for fleire andlet-til-andlet-samtalar, er samtidig gode grunnar for ikkje å la det digitale *erstatta* det å vera ei fysisk tilgjengeleg kyrkje for folk.

Ei anna utfordring er dei etiske problema ein fort råkar bort i når ein skal vera kyrkje på sosiale media sine premiss. Det kan gi vond smak i munnen å spela på lag med retningslinjer og algoritmar som gjev uhelse blant unge og udemokratiske tendensar i samfunnet. Det er heller ikkje til å stola på at Meta og andre gigantiske tekno-selskap fylgjer europeiske lovar om personvern og datalagring. Det er ikkje sjølv sagt at dei i det heile vil vera tilgjengelege fram i tida. Ekspertar rådar no selskap og organisasjonar til å styrka heimesida si, vera gode på e-post-kommunikasjon og spreia si aktivitet på sosiale media til fleire plattformer enn for eksempel Metas Facebook og Instagram.

Det digitale må uansett ikkje skugga for det analoge kyrkjelydsbladet som kjem i folk sine postkassar. Det er framleis denne kanalen som når ut til flest medlemmar (49%). Me veit at fleirtalet av dei som får bladet les i det. Me arrangerte derfor to festar for kyrkjelydsredaksjonar i

november, saman med Stavanger kyrkjelege fellesråd. Dei over 70 deltakarane skal vidare få tilbod om skrivekurs og andre kompetanse- og ressurstiltak for å styrka blada.



Kake til deltakarane på Fest for menighetsblad i november.

#### 4.5. Mål: Kyrkja er synleg på fleire arenaar i det offentlege rommet

Nøkkelindeikator: Talet på treff på artiklar om Den norske kyrkja i radio, fjernsyn, print og nettaviser. Talet på frukostseminar/anna.

Tal frå Infomedia viser at rundt 2.700 artiklar om kyrkjestoff frå Stavanger bispedømme sto på trykk og i media i 2021. Det er ein auke på 700 artiklar frå året før. "Kyrkjestoff" er her tolka nokså breitt. Alle saker med ein eller anna tilknytning til kyrkja i tema eller namn er med. 80 % av sakene står i aviser, resten finst i nettmagasin, hjå kommersielle aktørar m.a.

KILDE	ANTALL SAKER
Stavanger Aftenblad	498
Vårt Land	227
Strandbuen	179
Dagen	167
Bygdebladet	160
Dalane Tidende	138
Jærbladet	112
Solabladet	93
Haugesunds Avis	81
Gjesdalbuen	73
Sandnesposten	69
Norge I DAG	59
Rogalands Avis	56
NRK Radio - P1	43
Aftenposten	33
Randaberg24.no	32
Dagsavisen	32
Tysvær Bygdeblad	25

Media med flest oppslag om Den norske kyrkja i Rogaland i 2021.



Stavanger Aftenblad ligg som i fjor langt over dei andre når det gjeld kyrkjestoff. Dei hadde 150 fleire artiklar enn året før, mens Vårt Land auka med 70 og Dagen med rundt 50 saker. Her er det på sin plass å nemna at Aftenbladet-talet inneheld daglege andaktar som ofte tel med.

Mens Bygdebladet og Solabladet (som mellom anna skreiv om politiske ueinigheiter rundt den nye kyrkja i Sola i 2020) kom høgt opp på lista i 2020, er Strandbuen blant dei lokalavisene som klatrar mest i 2021. Dei hadde 70 fleire artiklar om kyrkja i 2021 enn året før. Uro i Jørpeland sokn er den store saka som har løfta avisa si kyrkjedekning opp på statistikken. Denne saka har òg vore dekkja i nasjonale media gjennom store delar av 2021.

Dalane Tidende hadde 76 kyrkjesaker i 2020 og 138 i 2021, nær ei dobling. Usemje rundt ei byggesak i nærleiken av Egersund kyrkje er blant sakene som har fått brei dekning. Sokna i Eigersund har også kyrkjelydsbladet sitt på trykk i Dalane Tidende, slik at eit høg tal på kyrkjesaker er naturleg her. Sandnesposten og Norge i Dag er blant avisene som og har ein tydeleg auke talet på saker om Den norske kyrkja i Rogaland.

Mange av sakene i både lokale, regionale og nasjonale media er det bra at kjem fram i det offentlege rommet. Anten fordi dei set lys på gode og positive ting som skjer i kyrkja eller fordi dei viser ei kyrkje som er open og demokratisk.

Spesielt dei mindre avisene er verdifulle samarbeidspartnarar for kyrkja når det gjeld å fortelja om korleis sokna er med å bygga gode lokalsamfunn. Her har sokna og media ofte samanfallande interesser: Lesarar er interesserte i stoff om folk og om det som skjer av interessante tilbod i nærleiken, og sokna ønsker å fortelja om det som skjer til flest mogleg.

## Menigheter med strakstiltak for å motvirke dåpsnedgang

Kirker i Rogaland vil ta lørdager til hjelp for å forhindre at folk utsetter dåp.



Skrevet av: [@ystein Lild](#)  
ons 14. apr. 2021, kl. 12:57 - ons 14. apr. 2021, kl. 13:23

Kirker i Rogaland innfører utvidet dåpstilbud i en tid hvor restriksjonene er mange. Det melder [Solabladet](#).

## SANDNESPOSTEN

BOGAFFJELL

**Aksjon i Bogafjell Bydel tar av: Jeg skal plante #bogafjell**



FLAGG: Bogafjell kirke har invitert alle i bydelen til å plante flagg. Foto: Carmela Ullestad Alonzo



**Jone (26) ville ikke bli som sin far, men så skjedde det likevel**

## Suldalsposten

13 t · 🌐

Biskop Anne Lise Ådnøy er i Suldal denne veka. I dag stod mellom anna møte med Suldal kommune, besøk til 8. klasse på Sand skule, bønnevandring, andakt på Vinjarheim og møte med sokneråda på Sand og Suldalsosen på programmet.



SULDALSPOSTEN,NO  
Biskopen er blitt kjend med Suldal denne veka

Eksempel på kyrkjesaker frå lokalaviser.

Omtrent på same måte som i 2020, opplevde me og i 2021 at media var interesserte i korleis kyrkja møtte koronapandemien, med tanke på smittevern og på tiltak som blei gjennomførte på utradisjonelle måtar. Spesielt dåp, konfirmasjonar, vigslar og gravferder er tema som interesserer mange. Men og “vanlege” saker om aktivitetar i sokna har fått god dekning i mange lokalaviser.

Viss nokon skulle seia at “media berre er opptatt av konfliktar og kritikk av kyrkja” så stemmer faktisk ikkje det, i alle fall ikkje når det gjeld lokalaviser og regionale media. Dei lokalavisene som

flaggar konflikter høgt, viser seg òg å vera positivt på banen når det skjer kjekke ting i sokna. Dei gjer med andre ord jobben sin, på godt og vondt for kyrkja.

Ei sak som fekk mykje merksemd, både lokalt, regionalt og nasjonalt, var reaksjonar på ein konfirmanttime i Nærbø kyrkje. Saka viste kva som skjer når eit tema som gjeld mange (konfirmantar, menneskeverd, abort) samtidig treff ei nerve i ei større verdidebatt. Denne saka viste seg å vera kompleks. Evalueringa viste at mange gode vurderingar blei gjort for å ta vare på medarbeidarar, konfirmantforeldre og konfirmantar i mediestormen som kom. Samtidig var det krevjande å involvera det store omfanget av partar i saka på ein god måte. Det var og ei utfordring å balansera det ein ynskte å kommunisera breitt ut med å ta vare på folk og relasjonar og heller ikkje gå på akkord med det som var den positive budskapet bak det pedagogisk sett utfordrande konfirmantopplegget. Ein kronikk frå soknepresten i Aftenbladet, etter at bylgjene hadde lagt seg, var ein god måte å landa saka på i offentlegheita. Då fekk ein òg sett lys på kyrkja sitt engasjement for sårbare liv.

Biskopen har skrivne kronikkar om ny trus- og livssynslov og kommunane sitt økonomiske ansvar, livssynsbasert forskjellsbehandling i kommunal støtte til organisasjonar, SIAN sine demonstrasjonar og om enno ein pandemi-jul. Biskopen har og vore aktiv i markeringa av Hans Nielsen Hauge-jubileet, med deltaking i ein valdebatt der Hauge-tema var på agendaen og på frukostseminaret om verdiskaping og leiarskap i september. Begge arrangementa var gode arenaer for kyrkja å delta i interessante dialogar som gjeld heile samfunnet vårt, om vegval som politikarar og næringsliv tar på vegne av oss alle.

Biskopen er gjest hjå NRK Rogaland kvar julaftan.

### Vegen vidare

Det offentlege rommet er ein viktig arena å vera synleg på. Her er det fleire tendensar som går i ulike retningar. Sjølv om talet på artiklar om kyrkja har gått opp, finst det også teikn på at rommet for tru og livssyn kan bli snevra inn. Sjølv om mykje fungerer er det ikkje sjølv sagt at samfunnet legg seg på ei livssynsopen og ikkje ei livssynsfri linje i det offentlege. Kyrkja har ein budskap som også handlar om korleis samfunnet skal vera og ho har mange samfunnsnyttige funksjonar som hjelper det offentlege å løysa sine oppdrag og bidrar til betre liv for mange.

Viss kyrkja for det meste kjem på banen i media når det handlar om konfliktstoff eller tema mange oppfattar som smale, klarer me ikkje normalisera tru og religion eller gje eit oppdatert bilete av kva kyrkja er. Me treng fleire kristne stemmer som set ord på kva som er viktig for folk, anten dei kjem frå kyrkja eller andre stader.

Me treng å få ut forteljingar om vanlege folk som har trua som ein viktig del av livet sitt, om personar som brukar tid på friviljug arbeid i kyrkja og om prestar og andre kyrkjefolk som er med å skapar meir himmel på jorda. Dei finst og er viktige for både medlemmar og lokalmiljø, men forteljingane om dei druknar fort i kyrkjeleg storpolitikk og konfliktstoff.

I medlemsundersøkinga for kyrkja i 2021 er Stavanger det bispedømmet som har størst fall i omdømme og lågast tal på kor mange som har ei positiv haldning til Den norske kyrkja. (46 %, mot 51 % i 2020 og 61 % i 2019.)

Kva har skjedd? For å svara enkelt: Koronapandemi kopla med fleire negative saker som har fått stor merksemd. Når folk har sjeldnare kontakt med kyrkja og i større grad får inntrykk av kva som

skjer der gjennom media, blir omdømt meir sårbart. Det er på inga måte det enkelte sokn eller medarbeidar som fører til dette fallet. Tvert om veit me at jo meir kontakt folk har med kyrkja direkte, jo betre inntrykk har dei. Her er det heller større linjer i medlemsmassa som blir synlege.

Stavanger bispedømme er blant bispedømme med flest medlemmar som trur tydeleg og går ofte i kyrkja. Bispedømmet har også med ei stor gruppe som ikkje trur og går sjeldan i kyrkja. Kyrkjelandskapet gjer at både dei aktive og dei mindre aktive reagerer på saker om teologi, personalpolitikk og bygging av kyrkjebygg. Me er eit bispedømme med stort engasjement blant medlemmane, noko me er glade for og stolte av. Kva retning engasjementet tar er ikkje like lett å styra. Rogaland er fleirstemmig, og det er det noko sunt med.

Politisk er kyrkja organisert slik at ueinigheit og konfliktområde går langs linjer som opptar mange av medlemmane. Det handlar om folk sine liv, om folk sitt forhold til tru, samlivsspørsmål, Bibel, tradisjon og samfunnsutvikling. Debattane rundt desse temaa er reelle og viktige for kyrkja, og det er ein styrke for både organisasjon og medlemmar at dei er offentlege. Ein folkekyrkje må ha eit ope debattklima. Nedsida med dette er blant anna omdømmefallet me ser i medlemsundersøkinga, der det er naturleg å tolka deler av fallet med negativ merksemd rundt kyrkja.

Me spør oss korleis me kan ta vare på samtaleklima og debatt som ein positiv verdi og ikkje noko som skuggar for kyrka si eigentlege rolle i folk sine liv og i lokalsamfunn. Medlemsundersøkinga stadfester òg at kyrkja er viktig for folk flest. Dei ønsker å døypa, konfirmera seg, gifta seg og bli gravlagde frå kyrkja. Dei set pris på arbeidet kyrkja gjer på desse områda, særleg når det gjeld sorgarbeid og det å tilby fellesskap i kriser. Det er blant anna desse arbeidsområda det blir avgjerande å fortelja om i tida som kjem, slik at enda fleire av medlemmane kjenner at det er godt og naturleg å høyra til i kyrkja.

I dag sa me JA! Surprise 🥳🥳🥳🥳



Hilde og Thomas gifta seg etter at minstejenta vart døypt i Rossabø kyrkje i oktober.

#### 4.6. Mål: Styrking av samarbeidet mellom kyrkje og skule

Nøkkelindeikator: Talet på barnehage- og skulegudstenester

Skule / barnehagegudstenester	2017	2018	2019	2020	2021
Gudstenester for skuleelevar	261	278	279	64	40
Deltakarar på skulegudstenester	68226	70725	72350	3353	4219
Gudstenester for barnehagebarn	113	111	94	62	35
Deltakarar av barnehagebarn	12342	11936	11272	2421	2322

Før pandemien var det vekst i deltakartalet på skulegudstenester, på heile 4124 elevar frå 2017 til 2019. Dette tyder på gode tilbod frå kyrkjelydane og ønske om å delta frå elevar og skular. Betre parallelle opplegg og fritaksordningar gjer ikkje at deltakinga går ned. Mange vil gjerne vera med på skulegudstenester. Skulegudstenestene blir ofte opplevd som høgdepunkt for elevane. Mange sokn har gode tradisjonar for involvering av elevane, og dette skapar gode gudstenester.

Dei to siste åra har vore annleis. Skulegudstenester er store arrangement som er blant dei første som blir ramma av grenser for deltakartal. Kyrkjelydane har hatt vilje til å arrangera alt som har vore mogleg, men det var berre 40 skulegudstenester som kunne gjennomførast i 2021, mot 64 året før. Det blei praktisk umogleg å samla elevar på tvers av kohortar slik skulegudstenester gjer.

Rapportane frå sokna tyder på at små sokn har hatt lettare for å gjennomføra skulegudstenester enn større sokn. Nokre sokn har hatt digitale tilbod som ikkje er førte her.

Talet på gudstenester for barnehagebarn har også vore lågt dei to siste åra. Berre 35 gudstenester blei gjennomførte for barnehagebarn i 2021, mens talet var nesten det doble året før, med 62 gudstenester. Talet på barn som har deltatt er likevel omtrent det same begge åra.

Prosten i Haugaland melder om god og konstruktiv dialog mellom kyrkje, skule og barnehage i heile prostiet. Det har vore fokus på å sikra at relasjonen er levande inn mot gudstenester til neste år også. Prostane samla sett rapporterer at fleire skular har meldt at dei kjem sterkare tilbake.

Dei fleste sokna har godt samarbeid med skulane og barnehagane. Skulegudstenester er eit godt innarbeidd tiltak, men tilbodet inn mot dei ulike trinna og faga varierer i større grad. Mens nokre sokn har tilbod på nær sagt alle trinn, har andre eitt eller to møtepunkt utanom skulegudstenestene. Det heng både saman med interessa frå skulen og ressursane lokalt.

Det er særleg på visitasane me har kontakt med skulane og barnehagane. I møte med skulane er det tydeleg at det er endringar i samansettinga av elevar. Det er eit større mangfald i religiøsitet og etnisitet, noko som også får konsekvensar for kyrkje-skule samarbeidet. Rektorane reflekterer i større grad enn før kring kristendommen sin plass i samfunnet og skulen, samtidig som dei fleste er tydelege på at den kristne tradisjonen er ein viktig og naturleg del av skulen sitt virke.

#### Vegen vidare

Med ny overordna del av planverket for skulen og nye læreplanar i kvart fag blir det spennande å sjå kva som kan utvikla seg i samarbeidet med skulen. Me ser at det vil vera behov for ein ny fagdag om kyrkje-skule samarbeidet i 2023 eller 2024. Sokna treng påfyll til aktuelle tema når læreplanane er endra. Livsmeistring og berekraftig utvikling er til dømes gode tema i samarbeidet mellom kyrkje og skule framover.

#### 4.7 Mål: Inkluderande kyrkjeliv

Nøkkelindikator: Talet på tiltak og arrangement for menneske i målgruppa

#### Resultat, utvikling og vurdering av resultatet

I årsstatistikken rapporterer 52 av 92 sokn at dei har tilbud retta mot menneske med funksjonshemming. 36 av desse seier tiltaka er samarbeid mellom fleire sokn. I forhold til fjoråret er dette ein liten nedgang, med nokre fleire som seier dei har tiltak i samarbeid.

Frå oversiktar me har kan eit realistisk anslag på deltakarar vera om lag 600, mens cirka 150 er med som leiarar (frivillige og tilsette). Kyrkja i bispedømmet har eit godt utbygd og viktig tilbud om fellesskap. Lokalt tilrettelagt konfirmasjonsundervisning og trusopplæring, speidararbeid, laurdagskaféar, klubbar, gudstenester og turar er berebjarke i arbeidet. Her er det kjende grunnleggande for deltakarane. Aktivitet og sosialt samvær gjev glede og tilknytning.

2021 blei ein berg- og dalbane for aktivitetane i kyrkjelydane. Det starta med mange spørsmål og uvisse om korleis ein kunne starte tiltak og arrangement. Me hadde mange samtalar, mykje rådgjeving og gav støtte og oppmuntring til leiarar lokalt, som i sin tur gjorde god innsats med å halda kontakt med medlemmane.

Eit høgdepunkt på våren var at HEL-koret var på konsert med kjende artistar på Festiviteten i Haugesund. Av dei 100 tillatne i publikum var koret 36. At Hanne Krogh snakka direkte til kormedlemmane under konserten gjorde ikkje opplevinga mindre!

Kyrkjefellesskapsturen til Solgården blei utsett til sommaren 2022. Me er i gang med planlegginga. Me har godt samarbeid med Solgårdenkontoret. Turen krev mykje forarbeid og tilrettelegging, og arbeid med marknadsføring, leiarrekruttering og program starta på hausten. Turen er eit nav i inkluderingsarbeidet, med mange positive ringverknadar. Turane blir fullteikna, med over 100 deltakarar, fylgt av rundt 20 leiarar.

Like før sommaren starta ymse aktivitetar opp og hadde sommarfestar. På hausten var det igjen mogleg å invitera til ordinære aktivitetar. Det var weekendar på Nesjatunet for både unge vaksne og vaksne og hausttakkefestar i Norheim kirke og St. Petri kirke. I Rossabø kyrkje starta eit nytt tilbud for eldre med utviklingshemming.

#### Samarbeid med bustader / kommunar

Personar med funksjonsnedsetting er ei stor og ueinsarta gruppe i samfunnet. Dei blei ramma av smitteverntiltak på mykje ulike vis. Mange helseinstitusjonar, kommunale omsorgsbustader og liknande bufellesskap har hatt strenge utgangs- og besøksforbod for å hindra spreiding av smitte. Mange med funksjonsnedsetting har erfart at tilbud og tenester dei har rett på har blitt kutta eller innsnevra. Dette har slått ulikt ut. For mange har det vore vanskeleg, mens det for andre har skapt ein større ro i kvardagen. Det er likevel innlysande at fritida vart veldig endra med pandemien, då alle aktivitetar blei sette på vent.

Mange menneske med utviklingshemming opplever at dei ikkje kan nok om viruset og pandemien. Informasjonen på radio og TV er vanskeleg å forstå. Mange saknar informasjon som er lagt til rette. Personalet i bufellesskapa blir, naturleg nok, dei viktigaste informantane, og dei som bidrar til å trøysta når nokon er uroa og redde. Menneske med utviklingshemming er spesielt utsette i forhold til tap av relasjonar og stabile kontaktpunkt. Det er gjennom å skapa trygge og stabile

arenaar me når fram. Me veit at mange utviklingshemma har psykiske helseutfordringar og at arbeidet vårt motverkar dette.

## Berekraftsmåla

Inkluderingsarbeidet er viktig for å nå berekraftsmåla. Her har kyrkja tilbod som tek vare på viktige oppgåver i samfunnet.

Det tiande berekraftsmålet handlar om å redusera ulikheit. Delmål 10.2 seier at me skal «Innen 2030 sikre myndiggjøring og fremme sosial, økonomisk og politisk inkludering av alle, uavhengig av alder, kjønn, funksjonsevne, rase, etnisitet, nasjonal opprinnelse, religion eller økonomisk eller annen status.» Dette understrekar verdien av å gjera det mogleg for alle å delta i samfunnet, og å auke sysselsettinga blant menneske med redusert funksjonsevne.

Fleire kyrkjelydar har relasjonar til bedrifter som har utviklingshemma som tilsette, og på bispevisitasar har me gjennom åra hatt fleire gode møter med desse. Inkluderingsrådgjevarane held også kontakt med desse verksemdene. Det åttande berekraftsmålet til FN er «Anstendig arbeid og økonomisk vekst» med målet om å «fremme varig, inkluderende og berekraftig økonomisk vekst, full sysselsetting og anstendig arbeid for alle». Som det femte delmålet er det sett: «Innen 2030 oppnå full og produktiv sysselsetting og anstendig arbeid for alle kvinner og menn, inkludert ungdom og personer med nedsatt funksjonsevne, og oppnå lik lønn for likt arbeid».FNs konvensjon om sivile og politiske rettigheter (ICCPR) viser til at personar med nedsett funksjonsevne har rett til arbeid på lik linje med andre.

Sysselsettinga blant menneske med funksjonsnedsetting er likevel betydeleg lågare enn i befolkninga totalt. Funksjonshemma i aldersgruppa 15–66 år som er i arbeid er på 44 prosent. Totalt i befolkninga ligg prosenten på 74 (ifølge SSB 2018). Mangelen på tilbod om arbeid til alle gjer det ekstra viktig å ha gode tilbod menneske med utviklingshemming på fritida.

## Vegen vidare

Det viktigaste i 2022 blir å starta opp igjen og vidareføra det lokale arbeidet. Me vil ta den normale kvardagen og vekerytmen tilbake. Behovet er stort for å starta det kjende på nytt. For å lukkast med dette vil me halda fram med støtte til leiarar lokalt. Me vil gjennomføra som bind saman arbeidet og gjev felles opplevingar, som weekendane, hausttakkefestane, juletreffstar og sommaravslutning.

Elles vil me støtte opp om dei nyaste tiltaka og bidra til at dei får fotfeste og kan få etablert seg som levedyktige. Planlegging og gjennomføring av turen til Solgården blir viktig. Me vil arbeida for å rekruttera nye deltakarar og etablere nye kontaktar med yngre. Positive erfaringar frå det nye HEL-koret kan brukast andre stader. Song, musikk og kor gjev flotte måtar å vera sammen på og har appell til dei yngre.

## 4.8. Diakoni og berekraftsmål

FNs berekraftsmål er ein global arbeidsplan for å utrydda fattigdom, overvinna ulikskap og stoppa klimaendringane innan 2030. Mottoet er at ingen skal bli igjen åleine. Dei mest sårbare menneska må derfor prioriterast. Dette er også ein inspirasjon for kyrkjeleg diakoni.

Berekraftsmåla er felles for mange og viktige i kommunane. Kyrkja sitt omsorgsarbeida passar godt i dette språket, og måla er ein god plattform for å samla ulike aktørar. Som kyrkja sin diakoni, skil berekraftsmåla ikkje mellom medlemmar og ikkje-medlemmar, nasjonalitetar eller religionar. Dei minner også om kyrkja sitt globale perspektiv.

Kjerneverksemda i kyrkja har ein sterk omsorgsdimensjon. Dette blei tydeleg då kyrkja måtte stenga ned. Når gudstenester, gravferd, babysong, føremiddagstreff, ungdomsklubbar, sjukeheimsbesøk og alt anna blir borte, forsvinn viktige møtepunkt for menneske i alle livsfasar. Pandemien har vore ei påminning om kor viktig det er for mange at kyrkja er til stades, ikkje minst for sårbare grupper.

Gudstenester, trusopplæring og kulturarbeid har også eit omsorgsperspektiv. Kyrkja er viktig for eldre, barn, unge og ulike grupper vaksne. Ein del har kyrkja som sitt viktigaste fellesskap utanom heimen.

Kyrkja arbeider med å nå berekraftsmåla. I årsrapporten for 2022 vil me reflektera over korleis dette skjer, knytt til ulike berekraftsmål.

### Berekraftsmål 1: Utrydda fattigdom

#### **Mat onna bronå**

Kyrkjelydar i bispedømmet har diakonale prosjekt retta mot dei mest utsette gruppene i samfunnet. «Mat onna bronå» - er eit tilbod til dei mest sårbare innan rus og psykiatri i Haugesund. Ein deler ut mat som blir laga på kjøkenet i kyrkjelydshuset. Ein deler også ut klede og gåver. Nokre gongar er det frukost til dei som er inno for lavterskel- helsestasjonen. Det meste av maten kjem frå butikkar og bakarar. Tiltaket er ein eigen organisasjon, men kyrkja tek del.

#### **Julegåveaksjon**

Delen barnefamiljar som lever med vedvarande låg inntekt har auka frå 4 % til 11 % sidan år 2000. Over 115 000 barn veks opp i fattigdom i Noreg i dag. Stavanger kommune er ein av dei kommunane som har kraftigast auke på landsbasis. Familieane har gjerne mat og hus, men barna manglar moglegheit til å vera med på aktivitetar som er vanlege for andre barn. Nokre let vera å seia frå heime om bursdagar i klassen, fordi dei veit at foreldra ikkje har pengar til gåve.

For mange barnefamiljar forsterkar jula opplevinga av utanforskap og økonomiske utfordringar. I 2021 deltok 18 kyrkjelydar med å samla inn pengar i ein julegåveaksjon. Rett før jul blir det som er samla inn gjort om til gåvekort, som NAV deler ut til familieane som er i ein vanskeleg situasjon. Viss det kjem inn meir pengar en det som trengst til jul, blir pengane brukte til andre formål for same gruppe, for eksempel til aktivitetar i samband med sommarferien.



Diakon Anne Synnøve Vegge og familiekoordinator Marion Gundersen frå NAV er glade for samarbeidet om Julegåveaksjonen.

### **Berekraftsmål 3: God helse og livskvalitet**

Under pandemien har mange kyrkjelege medarbeidarar gjort sitt beste for å ta kontakt med personar ein veit står åleine. I årsstatistikken for 2021 ser me ein vekst i talet på samtalar på rundt 50 prosent, frå rett under 2000 til 3197. Tilbodet om samtalar har vore breitt og viktig under pandemien. Tala stemmer med det me har høyrte frå prestar og diakonar, at dei har hatt fleire samtalar enn vanleg.

Samtidig har nok restriksjonane også gjort det vanskelegare å gjennomføra tradisjonelle besøk, både på grunn av råd om å halda avstand, ikkje ha for mange nærkontaktar og fordi nokre frivillige som står for dette har vore forsiktige av omsyn til smitte. Me ser ein nedgang på dette området i statistikken. Talet på soknebod har vore stabilt.

Det er fleire grupper blant dei eldre. Nokre har ikkje vore så opptekne av reglar og tenkjer å ta risiko går bra, mens andre har vore redde og forsiktige. Fleire eldre er blitt meir einsame enn før pandemien. Fleire lever meir stillesittande liv. Dei som seier at dei er lite tilfredse med livet seier også i størst grad at dei er einsame.

Årsstatistikken fortel at det finst nær to hundre tilbod til eldre i regi av kyrkjelydane i bispedømmet. Det er meir enn to i gjennomsnitt pr. sokn. Kyrkja er ein viktig aktør for å møte eldrebølgja.

#### ***Institusjonsandaktar***

Det høyrer med til dei etablerte tradisjonane for prestar og diakonar å besøka institusjonar. I statistikken er det registrert over 1500 slike besøk i 2021, så dette er eit område kyrkja brukar mykje ressursar på. Me oppmuntrar nokre gongar til at også frivillige kan sendast ut på vegne av kyrkjelyden.

Stavanger kyrkjelege fellesråd fekk i samarbeid med Stavanger kommune hausten 2020 støtte frå Statsforvaltaren i Rogaland til å laga ein digital allsangressurs til songboka «Syng med». Dei har også fått støtte til å produsera digitale andakter for alders- og sjukeheimar. I løpet av kort tid blei det produsert rundt 40 songar og andakter. Desse er tilgjengelege på [kyrkja i Stavanger sin YouTube – kanal](#): Dei er blitt populære og blir mykje brukte.



I Karmøy prosti tok prostidiakonen initiativ til å ta opptak av kyrkjekonsertar, slik at dei kunne sendast på kommunen sine sjukeheimar og bustader. Kyrkja har utstyr til å strøyma direkte til kommunen sitt kabel-TV nett.

### **Sorggrupper**

Kyrkja er også ein sentral del av samfunnet sitt tilbod til menneske i sorg. Det systematiske arbeidet med sorggrupper har halde fram i 2021, og det har blitt fleire grupper i løpet av året, 63 grupper, mot 58 i fjor.

I bispedømmet er det ei viktig nettverksgruppe for sorgstøtte som består av

- Landsforeininga for etterlatne ved sjølv mord (LEVE),
- Landsforeininga - uventa barnedød (LUB),
- Pårørandesenteret i Stavanger
- «Vi som har et barn for lite»
- Prestetenesta ved Stavanger Universitetssjukehus,
- «Se meg-senteret» for barn som er pårørende
- Kreftomsorg Rogaland
- Sorggruppene i regi av diakonane i Stavanger bispedømme.

Samarbeidet gjer at dei ulike organisasjonane held god kontakt og kan styrka kvarandre sine tilbod. Rogaland Fylkeskommune inviterer "Sorgstøttenettverket" til å gje innspel til eit nyhetsbrev for folkehelse i Rogaland 4 gongar i året.



Då smittevernreglar la begrensingar på tru- og livssynsutøving ved alders- og sjukeheimane i Stavanger, fann kyrkja og kommunen nye løysingar saman. Fotocollage frå andaktsfilmane.

### **Samarbeid mellom kyrkja og helsevesenet**

Me ser også at helse-kyrkjesamarbeidet er eit godt møtepunkt for kyrkje og kommune. I mars 2021 arrangerte bispedømmerådet og Tasta sjukeheim eit webinar med tema "Møte med menneske i sorg" med fokus på å vera profesjonell hjelpar.

Gjennom prosjektet «Tid som gåve» ønsker Domkyrkja og St. Petri kyrkjelyd å bidra til økt livskvalitet for menneske i den siste delen av livet. Målgruppa for prosjektet er palliative pasientar som bur heime og deira pårørande. Kyrkjelyden vil etablere eit tilbod der frivillige supplerer offentleg omsorg og avlastar pårørande. I 2021 har sju personar gjennomført kurset som ligg til grunn og ventar på å få bruka kunnskapen i praksis.

Sandnes kyrkjelege fellestråd har ei sjukevaktteneste som også har støtte frå kommunen. Gjennom tenesta bidrar frivillige med å følgja menneske som treng det til avtalar i helsevesenet. Dei stiller også opp og gjev avlastning for pårørande, har besøksteneste og hjelper til med innkjøp.

Kyrkja er godt i gang med å bidra til betre helse og livskvalitet. Offentlege ressursar strekk ikkje til for å dekkja alle viktige behov, så samfunnet er avhengig av kyrkja og andre frivillige aktørar for å leggja til rette for gode liv og god helse.

### **Berekraftsmål 11-13: Berekraftige byer og lokalsamfunn, ansvarleg forbruk og produksjon og stoppa klimaendringane**

I 2021 var det 48 grøne kyrkjelydar i bispedømmet. Framleis er det eit utfordring for nokre kyrkjelydar som ønsker å bli grøne at det ikkje let seg gjera med dei tenesteavtalane dei har med kommunen. Andre saknar nokon som vil arbeida systematisk i denne ramma.

Me har starta samtalen om korleis kyrkja skal redusere eigne klimautslepp. Kva møte som skal vera fysiske eller digitale og korleis me skal reisa og kor mykje me skal reisa er ein del av samtalen. I 2022 skal bispedømmekontoret resertifiserast som miljøfyrtårn. Ungdomsrådet arbeider med kyrkjeleg klimaengasjement og med vidare sertifisering av «grøne ungdomsarbeid». Her finst det konkrete planar.

#### 4.9. Mål: Fleire tek del i pilegrimsarbeidet

Nøkkelindikator: Tal på arrangement og tal på deltaking.

### Resultat, utvikling og vurdering av resultatet

Pilegrimsarbeid 2016-2021					
Arrangement	2017	2018	2019	2020	2021
Lokale pilegrimsvandringar	19	17	24	17	19
Deltakarar	446	368	714	297	497
Pilegrimsgudstenester	5	4	1	1	5
Deltakarar	319	289	180	100	610
Andre pilegrimsarrangement	4	5	12	146	97
Deltakarar	240	220	278	3 216	2 350
Pilegrimsarrangement totalt	29	26	37	164	121
Deltakarar på pilegrimsarr. totalt	1 005	877	1 172	3 613	3 457
Prosti m. pilegrimsarrangement	8	8	7	7	9

2021 har også vore prega av koronasituasjonen. Mykje av det som var planlagt måtte avlystast eller utsettast. Det gjaldt m.a. det årlege pilegrimsforumet i januar. Likevel visar tala frå kyrkjelydane vekst i arrangement og deltakartal i forhold til før pandemien.

Det finst tre regionale pilegrimsturar som er faste innslag i løpet av året. Vandringa frå Egersund til Stavanger blei gjennomført med nye leiarar dette året. Turen frå Stavanger til Røldal hadde rekordstor deltaking. Nytt dette året var integrering av ei sorggruppe, leia av to diakonar. På sommaren blei det arrangert ein segltur frå Stavanger til Bergen med hardangerjakta «Caroline af Sandnes». Undervegs besøkte deltakarane alle nøkkelstadane på Kystpilegrimsleia. Pilegrimsarbeidet utfyller det kyrkjelege tilbodet og når nye menneske på andre måtar enn anna arbeid.

Me har halde fram samarbeidet med pilegrimsutvalet i Bjørgvin bispedømme. Me arbeider saman om Kystpilegrimsleia, Røldal, opne kyrkjer, pilegrimsturar og prosjektet Perler på fjord mm. Samarbeidet inkluderer også kystpilegrimssentra på Avaldsnes, i Bergen og i Selje. Jæren friluftsråd har invitert til samarbeid om Kyststi Jæren, som i stor grad er samanfallande med Kystpilegrimsleia gjennom verneområde på Jæren. Arbeidet blir etter planen blir ferdig i 2024.

Tala på lokale pilegrimsarrangement og deltaking på desse, er dei høgaste me har sett sidan me starta registrering av pilegrimsaktivitet. I talmaterialet har me tatt med kyrkjelege arrangement som er meldt inn frå kyrkjelydane. I tillegg til dette veit me at pilegrimar i løpet av sommaren har besøkt nøkkelstader langs Kystpilegrimsleia, som til dømes Obrestad Fyr (400), Hå gamle prestegard (80), Pilegrimsbøn i Utstein Kloster (1347) og Avaldsnes regionale pilegrimssenter (755). Eit arrangement på Avaldsnes nådde Dagsrevyen.

I 2020 var tala frå Utstein Kloster og Avaldsnes med i statistikken. Desse tala har me tatt ut for 2021, så tabellane er ikkje heilt samanliknbare. Det betyr at auka i lokale arrangement og deltakartal er enno høgare enn tala viser.

Kyrkja har mykje å bidra med når det gjeld å gje innhald til pilegrimsreiser. Me vil forsetta arbeidet med Røldalsleia som pilegrimsveg med universell utforming, og prøver nå å få med eit par kyrkjelydar langs denne vegen som «pilotar» for å hausta erfaringar. Elles er dei årlege regionale turane viktige motivasjonsfaktorar og med på å gjera pilegrimsbodskapen synleg.

#### 4.10. Mål: Fleire kyrkjelydar er engasjerte for misjon

Nøkkelindikator: Talet på kyrkjelydar med misjonsavtale

#### Resultat og utvikling

Resultata frå 2021 viser at det er stabilitet i talet på misjonsavtalar i bispedømmet, med 106 avtalar fordelt på 90 kyrkjelydar. Dette er ein avtale mindre enn i 2020. Den totale inntekta frå avtalane har blitt redusert med 712 297 kroner. Størst nedgang har NMS, med 460 509. Berre Stefanusalliansen har rapportert at dei har hatt ein auke, med 70 577 kroner. Snittet på kvar misjonsavtale var i 2020 på 34 109 kroner, mens det i 2021 vart 27 230 kroner.

Talet på sokn som har rapportert inn større beløp er klart færre i 2021. Ofte er dette knytt til aktivitet eller tiltak som mobiliserer og samlar mykje folk, for eksempel misjonsløp, basarar eller misjonsdagar. Bruk av digitale verktøy (som til dømes Spleis) kan også skapa ein del utfordringar for organisasjonar i registreringa av inntekt frå aksjonar, gjevarteneste eller liknande, sidan dette blir overføringar frå privatpersonar og ikkje frå kyrkjelydar. Elles har 2021 vore eit år med lågare aktivitet enn normalt.

«Saman som kyrkje i heile verda» blei oppretta i 2020 som ein solidaritetsaksjon til misjonsorganisasjonar og deira samarbeidskyrkjer som opplevde store utfordringar på grunn av pandemien. Stavanger bispedømme gjennomførte aksjonen i 2021 også. Det var ei viss mobilisering rundt denne, men også nokre utfordringar med å skapa breitt engasjement og koordinera med annan aktivitet. 25 sokn melde seg på aksjonen og 19 fekk gjennomført tiltak som gav inntekter på 309.722 kroner. NMS fekk størst del av desse, nærare bestemt 244.430 kroner. Til dels er var det overlapping mellom aksjonen og andre tiltak som allereie var planlagde knytte til misjonsavtalen eller kyrkjelydane sin faste rytme.

Hausten 2019 vedtok SMM-rådet at det skulle utførast ein ekstern evaluering av samarbeidet menighet og misjon (SMM). I januar 2020 leverte VID vitskapelege høgskule evalueringsrapporten «Møte, vokse, dele. Evaluering av Samarbeid Menighet og Misjon». Rapporten vart så vurdert av kvar part i samarbeidet, før det blei gjort endelege vedtak om vegen vidare. Det var konsensus om å fortsetta samarbeidet, men med nokre endringar. Bispedømmet overtok ansvaret for misjonsrådgjevarstillingane.

Det regionale SMM-utvalet ønsker å halda fram med sitt arbeid. Utvalet er et viktig møtepunkt mellom kyrkja og organisasjonane. Det er ein arena for informasjonsutveksling og inspirasjon, og for koordinering av innsats for å styrka misjonsengasjementet i kyrkjelydane. Dei nasjonale endringane fører til nokre endringar i utvalet si rolle, sidan det ikkje på same måte er oppdragsgjevar for misjonsrådgjevaren, men eit samarbeidsforum for kyrkje og organisasjonar.

Utvalet ser også at det ikkje er heilt eigna som arbeidsgruppe, sidan deltakarane har ulike moglegheiter til å bidra i utøvande arbeid. Utvalet vil heller setta ned arbeidsgrupper for aktuelle tiltak. Det viktigaste framover er å bidra til at kyrkjelydane investerer tid og krefter i sine misjonsavtaler. Gode ressursar, fokus på bispedømmenivå og god koordinering med organisasjonane kan bidra til dette.

Kyrkja si diakonale og misjonale verksemd bidrar til å bringa verda nærare bærekraftsmåla. Desse gjev ny relevans til det kyrkja gjer for å fremma misjonsverksemd. Mange av bærekraftsmåla er internasjonale og midt i det kyrkja sine samarbeidspartnarar i SMM-samarbeidet arbeidar med.

## 5. Rekruttering og frivillig innsats

### 5.1. Mål: Rekrutteringa til vigsla stillingar blir styrka

Nøkkelindikator: Talet på vigslingar

#### Resultat

Her er oversikt over vigslingar dei siste åra:

Vigslingar	2017	2018	2019	2020	2021
Vigsling av prestar	7	1	2	1	5
Vigsling av kantor, diakon og kateket	0	1	5	2	1

Det blei vigsla fem prestar i 2021, noko som er det høgaste talet sidan 2017. Det blei vigsla ein diakon. Det er framleis stort behov for å satsa på rekruttering.

På bispedømmenivå handlar mykje om å setta rekruttering på dagsorden. Me tek opp temaet med prostar, mellom anna i medarbeidarsamtalar, og prostane seier i større grad enn før at dei og prestane har fokus på rekruttering.

Me møter utfordringane gjennom å satsa på personalarbeid, flytta ressursar i retning ungdomsarbeid, bruka ungdomsting og ungdomsråd som rekrutteringsarenaar og følgja opp studentar gjennom vegen til vigsling og forum for teologistudentar på VID. Me er til stades på utdanningsmesser, men etter to år med pandemi ser me at me får mykje betre kontakt på ei fysisk messe enn på eit digitalt arrangement.

På den digitale utdanningsmessa i 2021 hadde me 62 samtalar på chat. Dei hadde varierende tema, frå "Kan ein muslim bli prest i Den norske kyrkja?" til "Kva utdanning kan eg ta viss eg likar å snakka med menneske". Andre lurte på om me hadde høyrte om Jesusinfluensarne (eit kollektiv på Stange som snakkar om Jesus på Tik Tok). Fleire hadde generelle spørsmål om kristen tru.

Me har også eit prosjekt for å rekruttera eittåringar til lokale kyrkjelydar. I 2020 / 2021 er det ein eittåring, i Bogafjell kyrkjelyd. Me har inngått eit samarbeid med VID om eit studium som eit rammeverk for eittåringsteneste. Eittåringar kan ta fire emne på til saman 20 studiepoeng på VID, samtidig som dei er arbeidar i ein lokal kyrkjelyd. Me starta dette arbeidet våren 2021 og har halde fram med å gjera det kjent, slik at me kan få fleire deltakarar i 2022.

Meir enn før er ungdom kyrkjetenarar. Dette er ein fin måte å bli kjent med kyrkja på.

#### Rekruttering til kantor, kateket og diakon

Universitetet i Stavanger har nå oppretta utdanning i kyrkjemusikk. Kantorar tilbyr orgelklubbar og orgelundervisning gjennom kulturskulane, og nå kan ein ta vidare utdanning i Stavanger. Dette håpar me vil gje betre rekruttering til kantorstillingar og betre moglegheiter for kyrkjemusikarar som vil ta vidareutdanning. Norsk orgelfestival, som me er involverte i, har også fokus på yngre målgrupper.

Dei siste par åra har det vore ei nasjonal satsing for å få fleire kateketar med godkjend kompetanse. Kyrkjerådet, KA og MF har tatt tak i dette, med tilskot og betre tilpassa kateketutdanning. Me ser at me har fleire dyktige kyrkjelydspedagogar som kunne blitt gode kateketar, men som framleis synest vegen fram mot godkjent kompetanse er for komplisert og lang. Nokre av dei erfarne kateketane ser òg andre kyrkjelege stillingar som vegar å gå etter lang tid i teneste for barn og unge.

Fleire fellesråd i bispedømmet har utfordringar med å få kvalifiserte søkarar til kateketstillingane sine. Talet på vigsla kateketar i bispedømmet held seg likevel relativt stabilt (17-18). Mange trivst i tenesta og er svært viktige i kyrkjelydane sitt arbeid. Bispedømmet har ein årleg samling for vigsla kateketar for å styrke identiteten og fellesskapet. Denne samlinga blei avlyst i 2021 grunna pandemien, men vil bli gjennomført i 2022.

Tilskotet til kateketstillingar er mindre for dei som har kyrkjelydspedagog i stillinga. Dei som blir tilsette i ein stilling med tilskot skal også planlegga å ta utdanning som trengst for å bli vigsla. Me ser at dei som blir vigsla til kateketteneste har ein tryggare fagleg bakgrunn og blir ståande lengre i stillinga enn dei som ikkje er ferdig utdanna. Dei som er i kateketstilling utan godkjent kompetanse og som har gått inn i eit utdanningsløp, har vore den viktigaste vegen til rekruttering dei siste åra.

Det er framleis stor stabilitet i diakongruppa, med tilstrekkeleg tal på søkarar når stillingar blir ledige. Me utfordrar diakoniarbeidarar til å ta utdanning som diakon. Det er fleire diakoniarbeidarar som tek diakonutdanning. Ein person blei vigsla til diakon i 2021.

### Rekruttering av prestar

Fem ordinerte i 2021 er eit godt tal samanlikna med dei tidlegare åra. Me har også fått tilsett prestar i nye stillingar retta mot ungdom. U-kirke i Stavanger har funne ein form dei kan driva i framover, VID har ny studentprest i samarbeid med bispedømmet, og studentpresten på Universitetet i Stavanger er godt plassert i miljøet. Det finst ungdomsmiljø i bispedømmet som kan vera gode rekrutteringsarenaar, men me har framleis ikkje eit godt nok systematisk rekrutteringsarbeid som kan gjera oss trygge på situasjonen framover.

Me måtte ikkje lysa ut stillingar fleire gongar i 2021. Me hadde ni tilsettingar og 3,8 søkarar pr. stilling, noko som var litt høgare enn året før. Fem nytilsette kom frå stilling utanfor Den norske kyrkja. Aldersfordelinga i presteskapet er jamnare enn for to år sidan, men 34 prestar i bispedømmet er over 60 år. Dei komande åra vil me har stort behov for å rekruttera nye.

Me samarbeider med VID på fleire punkt, både om forum for teologistudentar, studentpresteneste og praksis i kyrkjelydar gjennom studiet. Me tilbyr fleire å vera prestevikar på vegen til å bli ferdige. Me trur at me nå har brukbar oppfølging av dei som startar på teologistudiet, men ser at me må arbeida godt med å nå betre ut til ungdom.

Å bruka rekrutteringsfilmen me laga for konfirmantar i 2020 kan vera eit godt første møtepunkt for dei som konfirmerer seg i kyrkja. I 2022 vil me også tematisera rekruttering på samling for alle rådsleiarar i bispedømmet.

Evalueringnemnda har godkjent fleire frå Stavanger bispedømme med alternativ kompetanse som kvalifiserte til å ta praktikum og gå inn i presteteneste.

Hovudutfordringa vår er å skapa nok kyrkjeleg engasjement blant ungdom, slik at fleire får interesse for å ta kyrkjeleg utdanning. Me har ikkje heilt funne forma på korleis me kan inspirera og leggja til rette for at fleire lokale kyrkjelydar kan prioritera gode møtestader for ungdom. Sjølv om kyrkjeleg teneste kan vera utfordrande veit me at det er meir enn konkurransedyktig på mange nivå å ha eit liv som kyrkjeleg tilsett. Me trur ikkje utfordringa ligg i kva me kan tilby i enden av rekrutteringsløpet, men i korleis me får fleire til å starta og korleis me får organisasjonen til å arbeida saman og målbevisst for at det skal skje.

## 5.2. Mål: Fleire blir engasjert i frivillig teneste i kyrkja

Nøkkelindikator: Tal på frivillige

### Resultat, utvikling og vurdering av resultatet

Frivillige 2017-2020										
År	Medl + tilhøyrande	Totalt	Gudst.	Barn	Unge	Diak.	Kult.	Utv.	Anna	% av medl.
2021		10028	4162	2358	1542	1768	771	2132	1832	
2020	322 527	11 156	4571	2390	1772	1950	1049	2310	1778	3,5 %
2019	333 178	13 646	5187	3565	2319	2343	1623	2513	2330	4,1 %
2018	335 566	14 037	5250	3674	2429	2236	1451	2425	2586	4,2 %
2017	336 924	13 928	5703	3600	2340	2217	1665	2481	2587	4,1 %

Ut frå tala har ein av fem som var frivillige i 2019 har ikkje vore aktive i 2020 og 2021. Det er urovekkande at det blir færre frivillige blant barn og unge og diakoni, sjølv om ein del kan skuldast avlyste og utsette arrangement og tiltak på pause. Frivillig engasjement i kyrkjeleg kulturarbeid har også blitt redusert.

Framleis er ein påfallande stor del av dei frivillige aktive innan gudstenesta. Dette viser at gudstenesta er sentral og at mange er involverte i gudstenestearbeidet, slik gudstenestereforma har lagt opp til. Dette skapar også eigarskap til gudstenestene. «Kvardagskyrkja» med barne- og ungdomsarbeid, diakoni, kulturarbeid og annan frivillig innsats er likevel større enn gudstenesta i kyrkjeleg, frivillig teneste.

2022 er frivillighetsår i Noreg. Bispedømmerådet sette i 2021 ned ei arbeidsgruppe som skal utarbeida ressursar for kyrkjelydane. Grappa har som oppdrag å peika på kva som er viktig for å styrka den frivillige innsatsen i kyrkjelyden. Desse områdene er spesielt viktige

- Motivasjon: Kva kan inspirera fleire til å delta som medarbeidarar i kyrkja?
- Organisering og leiing: Korleis set me talent i funksjon, jamnar ut hindringar og får samspillet mellom leiarar, tilsette og frivillige til å fungera?
- Relasjonar, oppfølging og samarbeid: Korleis skapar me ein kultur som gjer det gjevande å vera medarbeidar

Grappa arbeider nå med å utvikla samtaleverktøy for kyrkjelydane om frivilligheit, for å skapa eigarskap og begeistring. Dei bidreg og på viktige fellessamlingar i bispedømmet og set fokus på frivillighetsdagen 12. juni.

Grappa har også sett seg inn i forskning og rapportar om frivilligheit i samfunnet. På mange område ser me at generelle trendar også gjeld i kyrkja. Det er meir prosjektfrivilligheit, meir konkurranse om merksemda til familiar med barn, mindre interesse for organisasjonsverksemd blant ungdom og yngre vaksne, høgare forventningar til oppfølging og organisering og eit større ønske om å spissa innsatsen inn mot område ein sjølv får mykje ut av å arbeida med.

Dette er eit bakteppe som meir er føresetnadar for korleis kyrkja må arbeida med frivilligheit enn kulturtrekk ein kan forventa å endra.

Dei tilsette arbeider med rekruttering av frivillige saman med mange andre oppgåver og innan ramma av eit grunnleggjande høgt aktivitetsnivå. Det kan vera uklart kven av dei tilsette som har ansvar for oppfølging av frivillige.

Å styrka den frivillige tenesta er altså ei utfordring som er både viktig og kompleks. Me må ikkje mista av synet at den kyrkjelege frivilligheita i utgangspunktet er imponerande, men når me ønsker vekst handlar det om å søka rom for forbetring. Grappa har peika på at oppfølging av frivillige er relasjonsarbeid, at ein må rekruttera breitt og tilpassa tenesta til dei som skal inn i ho. Prosten i Haugaland peikar på at dei frivillige treng å oppleva meining og godt innhald i oppgåvene. Fellesskap rundt oppgåvene er viktig for å trivast. God oppfølging gjer rekruttering lettare.

I arbeidet med felles kyrkjelydsplan ligg det også inne å kartlegga ressursar i kyrkjelyden. Det finst menneskelege ressursar dei fleste stader som ikkje er sette i spel. Ein samtale om kva folk kan tenka seg å bidra med, kva dei trivst med og har engasjement for kan fort bli eit startpunkt for noko nytt og spennande. Me håpar på mange slike opplevingar frå 2022 av.

Stavanger bispedømme / Frivillighetsåret 2022

## En feiring av frivilligheten!

2022 er Frivillighetens år. Hele Norge feirer frivilligheten og alle de frivillige dette året. Dette vil Den norske kirke selvfølgelig vil være med på!



Foto: Kirkerådet/Ole Henrik Kongsvik

Det er oppretta ei eigen ressurside for frivillighetsåret på [www.kirken.no/stavanger](http://www.kirken.no/stavanger).

### 5.3. Mål: Kyrkjelege medarbeidarar trivst i jobben

Nøkkelindikatorar: Medarbeidarundersøkingar  
Sjukefråvær

Omtale av desse indikatorane er plassert i del IV-A.



#### 5.4. Inkluderingsdugnaden

Stavanger bispedømmeråd ønsker å vera med og leggja til rette for eit arbeidsliv for alle. Det vert stilt ulike krav til funksjonsevne i stillingar i presteskapet og i administrasjonen. For begge kategoriene tilsette legg arbeidsgjevar til rette så langt det er råd.

Fleire prestar er i reduserte stillingar som er tilpassa deira helse- og livssituasjon. Det at der er stillingar som ikkje krev full arbeidsevne er viktig for at fleire kan vera i arbeidslivet. Det er også tilsett prestar i heile stillingar som i søknaden har tilkjennegitt at dei har nedsett funksjonsevne.

Me legg vekt på å samarbeida med NAV slik at tilsette med nedsett arbeidsevne, midlertidig eller permanent, kan inkluderast i arbeidslivet.

Sjå også avsnittet om inkluderande kyrkjeliv, pkt. 4.7.

#### 5.5. Bemanning – presteskap og administrasjon

I statistikkheftet har Stavanger bispedømme totalt 120,45 årsverk. Desse er fordelt på 106,2 i presteskapet og 14,25 i administrasjonen. 5,6 av årsverka er eksternt finansiert. Dette er ein auke frå 2,6 i 2021. I løpet av året 2021 auka talet på årsverk i presteskapet med 6,25. Årsaka til auken er delvis tilføringa av meir ressursar og delvis delt finansiering av stillingar, som bispedømmerådet likevel set med heile arbeidsgjevaransvaret for.

Etter at bispedømmet har fått tilført nye prestestillingar er talet på medlemmar per prest ikkje lenger det høgaste i landet. Prestane har likevel tydeleg fleire dåp, konfirmantar og vigslar enn elles i landet. Når det gjeld gravferder, ligg prestane i bispedømmet framleis rett over gjennomsnittet. Forholdet mellom stillingar i presteskapet og i administrasjonen er uendra.

På grunn av koronarestriksjonar har aktiviteten vore lågare og med dette også behovet for vikarar.

Det har dei siste åra vore ein auke i bruk av pensjonistar. Dette nådde ein topp i 2020, men i 2021 gjekk bruken attende til nivå med 2019.

Det vart lyst ut 9 stillingar i 2021, og alle enda med tilsetting. Det er ingen vakanse i bispedømmet.

Talet på søkarar per stilling har gått tilbake dei siste åra, men gjekk noko opp att i 2021. I 2020 var det 2,8 søkarar per stilling, mens det i 2021 var 3,8. Det er det høgaste talet på søkarar per stilling på landsbasis. Noko av årsaka til det høge talet kan vera at det var færre utlyste stillingar. I 2020 var talet 19, mens i 2021 var det berre 9.

21 % av prestane er under 40 år og 30 % er 60 år eller eldre. Delen prestar mellom 40 og 60 år har søkke, mens delen yngre og eldre prestar har stige. Grunnen til at det er fleire over 60 år er ikkje berre at alle vert eit år eldre, men også at det vert rekruttert både yngre og eldre prestar.

I bispedømmet er 66,45 % av prestane sokneprestar. Det er heilt gjennomsnittleg på landsbasis, men ein tilbakegang frå tidlegare år. Det er få kapellanar samanlikna med landet elles, men flest prostiprestar, både i tal og prosent. Årsaka til at det er ein tilbakegong i delen sokneprestar og så høgt tal på prostiprestar, er at det har blitt oppretta nye stillingar retta inn mot arbeid med ungdom. Desse stillingane dekkjer fleire sokn og er difor oppretta som prostiprestar.

I administrasjonen er det 8,75 fagstillingar og 4,50 stillingar i administrative oppgåver.

Rekrutteringssituasjonen og rekrutteringstiltak er drøfta i punkt 5.1.



Medverkande under vigslinga av Jone Unlayao Slettebø-Knudsen i Varhaug kyrkje i september. Fremste rekke: Anne Lise Ådnøy, Jone Unlayao Slettebø-Knudsen, Jørgen Knudsen. Andre rekke: Lars Slettebø, Siri Aarsland, Jan Erik Westen, Lars Sigurd Tjelle. Bakre rekke: Einar Steen Jakobsen, Turid Boganes, Haakon Kessel, Karen Margrete Mestad. Foto: Njål Aarsland.



Medverkande under vigslinga av Helene Teistedal Vikre i september. Foran: Helene Teistedal Vikre og Anne Lise Ådnøy. Bakerst fra venstre: Arne Aurdal, Marit Sofie Teistedal Vikre, Helga Haugland Byfuglien, Rune Steensnæs Engedal, Torleif Susort, Elise K. Høyvik og Kjetil Friestad.

### C: FNs berekraftsmål

Me har valt å drøfta berekraftsmåla i avsnittet om diakoni og elles der det er relevant i rapporten. Særleg punkt 4.7 og 4.8 har tekst om dette.

Årsplanen vår for 2022 har ei eiga linje på kvart arbeidsområde for korleis arbeidet er med på å realisera berekraftsmål.

## D: Biskopen si verksemd

Våren 2021 var prega av pandemi. Samlingane var små. Prostemøte og bispedømmerådsmøte var digitale. Prestekonvent og medarbeidardag måtte utsettast. Me blei gode på Teams og leie av digitale møte. Domkyrkja hadde TV-sendingane på NRK i påska. Preika handla om å lengta etter det vanlege livet.

17.mai var biskopen med på feiring i Egersund, med helsing på torget og preike på festgudstenesta. På presteforeninga sitt årsmøte (på Teams) handla biskopen si helsing om å elska den kyrkja som er Kristi kropp i verda. Utgangspunktet var Jesu spørsmål til Peter: "Elskar du meg?"

VTV-samling for regionen blei gjennomført med stil. Rådgjevarane var blitt einige om å skilja gruppene og ikkje ha felles program den eine dagen, slik ein har gjort før. Studentane er ulike, men programmet såg ut til å passa for alle.

Filmfestivalen i Haugesund hadde ikkje eige kyrkjeprogram, men ei temagudsteneste om «livets soundtrack» i Vår Frelsers kirke.

På hausten tok biskopen initiativ til medarbeidardagar i prostia. Prostane fekk i samarbeid med kyrkjevevjene ansvaret for innhaldet. Gleda over å treffast var merkbar, og å bli serverte eit godt måltid skapte god stemning.

I lag med kyrkjevevjelaget arrangerte biskop og bispedømmeråd orienteringsmøte om kyrkjeleg organisering. Alle medlem i sokneråd og fellesråd var inviterte, og medlemmane i bispedømmerådet deltok der dei bur. Biskopen opplever godt samarbeid med styret for kyrkjevevjelaget og orienteringsmøta fekk ei god ramme.

12.september blei Tau kyrkje vigsla, profilert som ei sjømannskyrkje på torget på Tau. Ved sida av eitt breitt tilbod i kyrkjelyden leigar også den vidaregåande skulen leiger rom på dagtid, så ungdom blir husvarme i kyrkja. Biskopen var elles med på jubileum i Marvik kapell og på Klepp.

Det har vore fem prestevigslingar og ei diakonvigsling i året som gjekk. Fire av vigslingane har vore i lokale kyrkjelydar og to i St. Petri kyrkje, som for tida fungerer som domkyrkje.

Jørpeland sokn og prestetenesta der har kravd mykje oppfølging. Samtalar førte ikkje til løysing på konflikten og soknepresten sa opp før sommarferien. Tida har vore krevjande for kyrkjelyden. Det har vore stor merksemd om saka i ordinære og sosiale medium.

Biskopen hadde tre visitasar på seinhausten, i Gausel, Varhaug og Suldal. Visitas skapar glede. Gausel har ei viktig diakonisatsing "Med hjarte for bydelen", i samarbeid med NAV. På Varhaug opplevde me brei kultursatsing og folkekyrkjeleg medvit i bygder med sterkt organisasjonsliv. Me møtte diakonale og profesjonelle lokale idrettslag. Suldal viste at sjølv om folk bur spreitt, kan dei gå saman om viktige satsingar i kultur, næringsliv og kyrkje.

I 2021 var det 250-årsjubileum for Hans Nilsen Hauge. Det var utgangspunkt for fleire kulturarrangement og seminar. Biskopen og Ryfylke Livsgnist var med på det meste. Bispedømmerådet sette ned ein komité for planlegging og gjennomføring av kyrkja sitt 900-årsjubileum i 2025. Biskopen leier arbeidet, og soknepresten i Domkyrkja og St. Petri er sekretær. Kyrkja er ein av tre samarbeidspartar for Stavanger kommune sitt byjubileum same år.

## IV. Styring og kontroll i verksemda

### A: Helse, miljø og tryggleik/Arbeidsmiljø

#### Sjukefråvær

#### Resultat og utvikling

Grupper	Totalt 2020	Totalt 2021	>8 veker 2020	>8 veker 2021
Stavanger bd. menn, prestar	3,39 %	4,36 %	1,57 %	3,17 %
Stavanger bd, kvinner prestar	7,24 %	8,05,%	4,22 %	4,86 %
Den norske kyrkja	5,37 %	5,82 %	3,01 %	4,04 %

Me ser at sjukefråværet i 2021 har auka, både korttids- og langtidsfråvær. Når det gjeld langtidsjukemelde, ser me at dette har auka mest for menn. RAMU har merka seg dette. Sjukefråværet hjå kvinner i presteskapet har ikkje gått mykje opp. Sidan gruppa med kvinner i presteskapet er forholdsvis lita, gjev kvar sjukemelding prosentvis stort utslag.

Pandemien er ein sannsynleg grunn til at fråværet har auka. Hausten 2021 auka smitta mykje i samfunnet. Sjukefråværet har auka i heile Den norske kyrkja, så det er truleg ikkje regionale forhold som ligg bak. Arbeidsgjevar har fokus på sjukefråvær lengre enn 8 veker, for at fråværet ikkje skal bli unødvendig langt.

Me arbeider også med tiltak for heile gruppa av tilsette. Dette året har det blitt arbeidd mykje for å hindra smitte i gudstenester kyrkjelege handlingar. Det har også blitt sett lys på korleis arbeidsmiljøet har blitt påverka av å vera på heimekontor. Biskopen arbeider aktivt for å skapa eit godt arbeidsmiljø for dei tilsette, set i verk nødvendige tiltak for å forhindra sjukdom og har fokus på oppfølging av sjukemelde arbeidstakarar.

#### Medarbeidarundersøkinga 2021

Resultatrapportane frå medarbeidarundersøkinga 2021 vert no gjennomgått i prostia, i prostegruppa og på bispedømmekontoret. Kvar eining skal utarbeide ein handlingsplan der ein peikar på kva ein vil bevare og kva ein må ta tak i, saman med konkrete tiltak. RAMU skal til slutt utarbeide ein samla handlingsplan for prestane og bispedømmekontoret. Vi har eit samarbeid med kyrkjeveverjene for å bidra til god oppfølging av medarbeidarundersøkinga i stabane i kyrkjelydar og på fellestrådskontor.

I bispedømmerapporten for rettssubjektet Den norske kyrkja har vi særleg merka oss at arbeidstakarane gjev høg vurdering i svara som gjeld:

- Rammevilkår og klare roller.
- Autonomi.
- Engasjement.
- Relasjonsorientert leiing.

Vi merkar oss at arbeidstakarane er nøgde med leiing og rammevilkår. Vi ser også at arbeidstakarane verdset autonomien i arbeidet sitt, samstundes som engasjementet deira er høgt.

Vi har merka oss at følgjande svar har lågt resultat i bispedømmerapporten:

- Gjennomføringsevne og korleis ein på arbeidsplassen gjennomfører sine planar og når sine mål.
- Om ein er stolt av å vera tilsett i Den norske kyrkja.
- Balanse mellom arbeidsliv og fritid, og stressnivå som medfører ubehag.

Vi ønskjer særleg å gå inn i problemstillingar som omhandlar det å vera stolt av å vera tilsett i Den norske kyrkja. Vi ser at der kan vera ein viktig samanheng mellom rekruttering og kor stolte medarbeidarane er av den verksemda ein sjølv er ein del av. For å kunna bidra til rekruttering til teneste i Den norske kyrkja, er det viktig at dei som skal rekruttera, sjølv er stolte av å vera tilsette i Den norske kyrkja.

### Rutinar for intern varsling om kritikkverdige forhold

Me nyttar det nye elektroniske varslingssystemet som er gjort tilgjengeleg i trussamfunnet Den norske kyrkja. Me legg til grunn at dei rutinane som er innebygde i systemet vil sikra god og forsvarleg oppfølging av dei varslingane som kjem inn. Det nye varslingssystemet er gjort kjent for arbeidstakarane, vernetenesta og dei tillitsvalde. Systemet er tilgjengeleg på nettsidene våre.

### B: Likestilling

Bispedømmerådet har ein likestillingsplan som bygger på statlege og kyrkjelege styringsdokument. Planen set opp ei rekke konkrete tiltak og inneheld eit mål om å auka talet på kvinner i presteteneste. Mellom anna oppmodar bispedømmerådet kvinner til å søka stillingar i utlysingsteksten, i alle prosti der det er færre enn 40 % kvinner.

Talet på tilsette og sjukemeldingar såg slik ut i 2021:

Likestilling 2021					
	Kjønnsbalanse			Legemeldt frávær <sup>7</sup>	
	Menn	Kvinner	K %	Menn	Kvinner
<b>Presteskapet</b>					
<b>Biskop og prostar</b>	8	2	20 %	3,20 %	10,32 %
<b>Prestar</b>	75,9	29,7	28,13 %		
<b>Administrasjonen</b>					
<b>Leiarar</b>	2	1 <sup>8</sup>	33,33 %		
<b>Tilsette</b>	4	7,25	64,44 %		

Kvinnedelen i presteskapet har gått jamt opp dei siste åra. Med to av ti kvinner i gruppa biskop og prostar og ei av tre i leiinga på bispedømmekontoret, blir kvinnedelen blant leiarar for låg.

<sup>7</sup> Her samlar me både kontor og presteskap, fordi nokre av gruppene er så små at dei når terskelen for kva som vil bli personleg informasjon.

<sup>8</sup> Biskopen er leiar både i prestetenesta og på kontoret, men er her berre ført i prestetenesta.

Situasjonen har vore nokså lik i presteskapet og i leiarstillingane. I 2021 begynner ei ny kvinne som prost, så nå peikar utviklinga i presteskapet og i leiinga i same retning.

Ved bispedømmekontoret er det ein høgare del kvinner i leiinga enn i presteskapet, og mellom dei andre tilsette på kontoret er det eit fleirtal av kvinner.

Talet på kvinnelege søkarar har variert noko dei siste åra, men ser ein fleire år under eitt så er tendensen stigande. I 2021 var 29 % av søkarane kvinner. Denne svinginga avspeglar seg også i delen av kvinner som blir tilsette. I 2021 var 33 % av dei som blei tilsette av bispedømmerådet kvinner, mens det i 2020 berre var 18 %.

Me ser at hovudutfordringa vår er å auka kvinnedelen i presteskapet og talet på kvinner i leiarstillingar. Dette skjer stort sett gjennom rekrutteringsprosessane. Her er det tilfanget av søkarar som er avgjerande, og me arbeider for å auka talet på kvinnelege søkarar.

Sjukefråværet har i fleire år vore lågt for både kvinner og menn, men i 2021 er fråværet blant kvinner høgare enn før. Det er særleg langtidsfråværet som skil tala for kvinner og menn og som trekk fråværsprosenten for kvinner opp.

I presteskapet tener kvinner 96,5 % av det menn i dei same stillingane tener. Dette er ein tilbakegang frå 97,5 % i 2020. Grunnen er truleg endringa av ansiennitet, som var ein del av lønnsoppgjeret i 2021. I Stavanger bispedømme fekk atten menn auka ansiennitet, og med det meir lønn, mens det same berre gjaldt for to kvinner.



I november var det nettverkssamling for kvinner som er prestar, teologar og studentar i bispedømmet.

### C. Vurdering av risikoen for misleghald

Det kan vera risiko for misleghald på fleire område av økonomiforvaltninga i bispedømmet. Det er ikkje mogleg å laga rutinar, retningslinjer og kontrollar som heilt tek bort misleghaldsriskoen. Me meiner at med dei tiltaka me har, er risikoen for misleghald moderat og redusert til eit akseptabelt nivå.

Stavanger bispedømmeråd har eit eige dokument som meir utfyllande vurderer risiko for misleghald. Me vurderer ingen av risikofaktorane som alvorlege eller svært alvorlege.

## V. Vurdering av framtidsutsikter

Kyrkjemøtet sin nye strategi er eit eksempel på at høyringar og godt arbeid i Kyrkjemøtet kan gje resultat som samlar, motiverer og gjev retning. Dei som til nå har møtt strategien for 2022-2029 har kjent seg igjen og kjent at strategien gjev lyst til å vera med i perioden som kjem.

Biskop, bispedømmeråd og prostar arbeider systematisk med å setja strategiar og planar frå Kyrkjemøtet og Kyrkjerådet i verk. Nasjonale strategiar ligg til grunn for regionale strategiar og planar. I 2022 skal bispedømmet arbeida med å fornya eigen strategi i lys av desse.

I strategien er mykje kjent, men tida er alltid ny. Dei store folkekyrkjene har levd mange år i pluralistiske samfunn. Ein av fem rogalendingar har bakgrunn frå andre land. Me har ein generasjon som har vakse opp med eit mangfald av religiøse og ikkje-religiøse stemmer kring seg. Dei får ikkje eintydige signal frå kulturen kva dei skal tru, meina og gjera, men må setja saman sitt eige livssyn.

Dette gjer at det må forkynnast annleis enn i einskapssamfunnet, kyrkja må ta på alvor at ho møter sjølvstendige, frie og undrande menneske på jakt etter kva som gjev meining for dei. Prestar, trusopplærarar og alle som representerer kyrkja arbeider med dette kvar veke.

I 2021 starta me planlegging av eit studieprosjekt for prestar om teologi og samfunn. Dette blei lyst ut som konkurranse til dei teologiske fakulteta i starten på 2022. Det vil bli ein arena der prestane kan reflektera over kva det er å vera kyrkje i vår tid og korleis me som folkekyrkje kan fylla plassen vår i samfunnet.

Kyrkja skal vera der livet blir levd, opna rom for tru og vera meir for fleire. Ho skal forkynna evangeliet, forvalta kulturarv og skapa gode møteplassar. I vår tid må det også skje digitalt. Me ser behov for oppdaterte nettsider, bruk av sosiale media som passar til korleis dei fungerer og behov for å vera meir på nett som kyrkje. Me har fått mange erfaringar og har rusta opp utstyr og kompetanse dei siste to åra, men ser at dette er eit viktig satsingsområde vidare.

Kyrkja er framleis ei brei folkekyrkje. Dei siste åra har statlege tilskot vore stabile, sjølv om nokre parti vurderer eller foreslår alternativ finansiering. Det ligg eit potensial i samarbeid om diakoni med kommunane, men me ser også at det er vanskeleg å få tilskot til drift som står i forhold til ambisjonane og moglegheitene kyrkjelydane ser.

Me ser at me må styrka kyrkja sin samfunnskontakt i fleire dimensjonar. Den viktigaste samfunnskontakten kjem av kyrkja sin eigen identitet. Å omsetta evangeliet i handling høyrer med til oppdraget alle døypte ber gjennom livet, det følgjer trusopplæring og gudstenesteliv. Som tenande og diakonal folkekyrkje skal kyrkja, uavhengig av korleis ho er organisert og finansiert, bygga fellesskap og motverka utanforskap.

Overfor eldre, barn og unge, menneske med utviklingshemming, menneske i sorg og nye i Norge finst det alt viktige kyrkjelege tilbod mange stader. Diakoni er samtidig noko me vil satsa meir og ikkje mindre på. At kyrkja bidrar til levande og velfungerande lokalsamfunn er

ein av grunnane til at samfunnet ser verdien av ho, og kyrkja er forplikta i både tru og ordningar til å verka til beste for menneske i smått og stort. Spesielt ønsker me å gjera meir for ungdom, ikkje minst når den digitale utviklinga og psykiske helseutfordringar viser at unge treng gode fellesskap for å trivast.

Kontakt mellom kyrkjelydar, politikarar og kommuneleiing går ikkje av seg sjølv. Me ønsker å arbeida meir systematisk for å gjera synleg kva kyrkja gjer og kan gjera. Saman med andre trus- og livssynssamfunn må me sikra at samfunnet blir livssynsoppe og ikkje livssynsnøytralt, i tydinga livssynsfritt. Kontakten med kommuneleiing på visitasar fungerer godt. Me ser mange eksempel på at kyrkjevevjer er profesjonelle og bygger gode relasjonar, men i tillegg bør lokale kyrkjelydar i større grad invitera politikarar og ta kontakt med kommunedelsutval. Me skal ha fokus på dette på rådsleiarsamlinga i 2022.

Årsplan for 2022 er kopla til bærekraftsmåla. Det finst eit tydeleg klimaengasjement i kyrkjelydane, ikkje minst blant ungdom. Jæren prosti har studert teologi for ei såra jord. Fleire snakkar om at handling er viktigare enn ord. Kyrkjemøtet sine planar om å redusera vårt eige klimaavtrykk er ein føresetnad for at preiker og politiske utspel om klima skal ha truverd. Me står framfor ei omlegging av korleis me lever som me nok enno ikkje skjønar omfanget av. Alle rapportar seier det er på overtid å ta tak.

Me ser fram til den vidare prosessen med ny kyrkjeleg organisering. Sjølv om det blir gjort mykje godt arbeid for å samarbeida godt på tvers av fellesråd, sokn og bispedømmeråd, ser me at det er tungvint å ha så mange sjølvstendige einingar i ei verksemd med felles arbeidsformer og mål. Bispedømmerådet sitt arbeid med høyringa stadfester ønsket om at kyrkja skal henga betre saman. Me vil framleis støtta opp under lokal handlekraft og har tillit til at dei som står nærast ofte veit best, men samtidig ser me at felles system, betre leiarstøtte og kortare veg til å setta felles satsingar ut i livet hadde vore eit svært godt grep for å auka kvalitet og nå fleire kyrkjelege mål.

På visitasar ser me også at det ikkje går av seg sjølv å få det lokale samarbeidet mellom soknerådet, stab og dei frivillige til å gli godt. På sitt beste spelar sokneråd, presteneste, tilsette og frivillige kvarandre gode, men me ser også at det trengs vidare arbeid med rolleforståing, leiing og samarbeid.

Me trur felles kyrkjelydsplan vil bli eit godt verktøy i kyrkjelydane sitt lokale arbeid. Den set i system at soknerådet kan ha viktige samtalar om satsingsområde, som så blir konkretisert i ei felles plan for kva kyrkjelyden skal gjera. Kva som allereie skjer, relasjonen til lokalsamfunnet og breidda av moglege satsingsområde vil bli synleg. Frå bispedømmet er me alt i gang med å få prostar og kyrkjelydar med på laget. Til nå har dette arbeidet blitt møtt med optimisme og forventning.

Me ser også fram til å arbeida med vegen vidare for trusopplæringa. Resultata for dei siste åra viser kor viktig dette arbeidet er, så det vil me halda fram med å prioritera høgt. Fornyng av breiddetiltak, breitt eigarskap og pedagogikk som gjev varige ressursar til tru og meistring av livet er nok



Når me nå nærmar oss slutten på prosessen med justerte grunnordningar, vil gudstenestearbeidet handla om å engasjera, involvera og invitera. Spesielt er det behov for arbeid med korleis fleire barn og unge kan oppdaga og bruka gudstenesta. Me planlegg samarbeid med søndagsskule, ser behovet for arbeid med kva plass gudstenesta har i trusopplæringa og har tankar om eit prosjekt om gudstenester for barn.

Frivillig teneste blir berre meir og meir viktig. Dette krev meir enn før, i god leiing og organisering og oppgåver tilpassa den enkelte. Familiar med barn er gode på å fylgja opp eigne barn, men elles travle. Me trur arbeidet med god organisering og positiv kulturbygging rundt frivillig teneste er strategisk sentralt. Dette er utfordrande for dei tilsette i kyrkjelydane, som har mange utøvande oppgåver sjølv og samtidig er avhengige av å rekruttera ulønna medarbeidarar for å få kvardagen til å gå rundt. Det må ligga høgt i medvitet for alle sokn å organisera seg godt, kartlegga menneskelege ressursar og skapa gode fellesskap for dei som er med.

Fleire prostar og lokale stemmer peiker på at godt arbeid for 10-12 åringar, «tweens», er det beste startpunktet for å styrka det kyrkjelege nærværet blant ungdom.

Prosten i Karmøy peiker på tre område i sin årsrapport. Kyrkja treng å involvera frivillige, vera open og vera kyrkje. Den store styrken til Den norske kyrkja er at ho har låge tersklar, rom for alle slags menneske og som særpreg at ho rettar seg mot mange fleire enn dei som kjem fast søndag føremiddag. For å nå lengre, treng me meir enn dei tilsette, så å arbeida godt med samspelet mellom tillitsvalde, tilsette og frivillige er ein nøkkel til vekst.

Kyrkja arbeider også kvar veke med korleis trua kan finna eit språk som ikkje lukker dei som har minst kyrkjeleg erfaring ute. Dei eldste har vakse opp med eit tydelegare kristent nærvære i kulturen, som både gav tilknytning og skapte motreaksjonar. Dei yngre har ikkje same bakgrunn og møter tru meir ope, men i ein kontekst med mange alternativ og der institusjonell tyngde og tradisjon tel mindre enn erfaring og personleg identifikasjon.

Det kan ikkje vera ei offentleg oppgåve i eit pluralistisk samfunn å fremma eit konkret livssyn, men det er ei svært god og samfunnsnyttig løysing at det offentlege å leggja til rette for ei folkekyrkje og eit mangfald av livssynsbidrag i sivilsamfunnet. Den norske kyrkja er eit trussamfunn med mange ulike medlemmar. Ei heilt sentral kyrkjeleg oppgåve er å opna for meir himmel på jord som trusfellesskap. Strategihøyringa viste at dette engasjerer breitt. Bak mange sentrale tal på oppslutning ligg det om folk identifiserer seg med kyrkja og finn tru, meining og kjelder til liv gjennom det som skjer.

Eit viktig prosjekt for oss framover er «portalar til tru». Det består av ein enkel og vakker brosjyre som peikar på ulike stader Gud kan finnast: Natur, kultur, Bibel, kyrkje, relasjonar, høgtider, fred og ro og kvar enkelt sin portal. Me arbeider med nettsider som utdjupar portalane gjennom tekst, bilete og film. Me skal laga materiell til sosiale media og idear som kyrkjelydane kan ta i bruk på mange måtar.

Me håpar dette prosjektet vil gje mange blikk for at kjelder til tru finst fleire stader enn dei ventar og at det er plass for akkurat dei i det store trusrommet. Det er flott at så mange brukar kyrkja vår. Me vil gjerne at fleire skal få dela begeistringa!

# VI Årsrekneskap

## Leiinga sin kommentar til årsrekneskapen 2021

### Innleiing

Stavanger bispedømmeråd sin rekneskap er ein del av Den norske kyrkja sitt rekneskap. Bispedømmerådet fører rekneskap etter rekneskapsprinsippet.

Hovudoppgåva for bispedømmerådet er regulert i kyrkjeordninga for Den norske kyrkja, § 26: «Bispedømmerådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjeres for å vekke og nære det kristelige liv i menighetene, og det skal fremme samarbeidet mellom de enkelte menighetsråd og andre lokale arbeidsgrupper innen bispedømmet.»

Bispedømmerådets mynde- og ansvarsområde fylgjer av kyrkjeordninga og delegasjon av mynde frå Kyrkerådet og Kyrkjemøtet. Viktige oppgåver for bispedømmerådet er knytte til prestetenesta og forvaltning av statlege tilskot. Bispedømmerådet skal leggja til rette for at mål og strategiar frå Kyrkjemøtet blir implementerte i kyrkjelydane.

### Vurdering av vesentlege forhold

Rekneskapen for 2021 er gjort opp med eit samla meirforbruk på kr. 825 000.

Tildelinga på drift var på kr 105 381 000 knytte til drift. Bokførte kostnader var 825 000 høgare.

Tildelinga i 1B på 51,5 mill. kr er øyremerkta middel til trusopplæring, diakoni, undervisning kyrkjemusikk og tilskot frå OVF. I tillegg til å bruka desse midlane til desse formåla gjorde bispedømmerådet eit vedtak om å bruka midlertidig ubrukte tilskotsmiddel til stillingar til å støtta utviklingsprosjekt og fagleg relevante prosjekt for formålet i kyrkjelydane gjennom ei tildeling av prosjektmiddel.

Meirforbruket på drift er gjort opp mot 1A i balansepostering 2021.

På gruppe 1A – drift står det att kr 5 058 000 som akkumulert saldo pr. 31.12.2021 i balansepost.

I 2020 og 2021 fekk bispedømmerådet auka tildeling til presteteneste, i tråd med ny nasjonal fordelingsnøkkel. I tråd med strategien si satsing på barn/unge og rekruttering er det oppretta fleire nye stillingar. Nokre stillingar er oppretta i samarbeid med andre, som stiller med 50 % av midla til stillingane. Me har nytta ressursfordelingsmodellen til å fastlegga kor stillingane skal plasserast, og bispedømmerådet har gjort vedtak om at midla så langt som mogleg skal brukast til å styrka kyrkjeleg arbeid i møte med ungdom. Me har nå fått tilsett prestar i alle stillingane.

Rekneskapen for Stavanger bispedømme inngår i den samla rekneskapen for rettssubjektet Den norske kyrkja, og blir revidert av revisjonsfirmaet Ernst & Young AS.

### Spesifikt om budsjettgruppe 1A

Etter endeleg vedtatt statsbudsjet for 2021 fekk Stavanger bispedømme ved starten av året ei tildeling til budsjettgruppe 1A på kr 105 381 000. Etter nok eit ekstraordinært år er årets rekneskap blir avslutta med eit meirforbruk på 825 000.

	Rekneskap	Budsjett	Avvik
Budsjettgruppe 1 - Driftsrekneskapen	31.12.2021	31.12.2021	
Inntekter	-704	-196	508
Tilskot/varekj�p	1 637	200	-1 437
L�nnskostnader	94 679	94 512	-167
Andre driftskostnader	10 594	10 864	270
Sum budsjettgruppe 1	106 206	105 380	-826
Samlet tildeling budsjettgruppe 1		105 381	

### Budsjettgruppe 1B og andre tilskot

Tildelinga til trusoppl ring, diakoni, undervisning og kyrkjemusikk blei i 2021 auka/prisjustert med 2,68% i forhold til tildelinga for 2020. Utbetalinga av tilskot blei auka i forhold til tildelinga.

Grunnsatsane for tilskot til stillingane blei justert opp og tilpassa tariffavtalane si garantil n for fullt kvalifiserte tilsette med full ansiennitet. Tilsette utan fulle kvalifikasjonar f r tilsvarande redusert sats, men ved oppn dd grunnlag for vigsling blir tilskotet justert opp.

	Rekneskap	Budsjett	Avvik
Budsjettgruppe 2 og 3 - Tilskot *	31.12.2021	31.12.2021	
Trusoppl�ring	34 133	34 133	-
Diakoni	7 630	7 630	-
Undervisning	9 102	9 102	-
Kyrkjemusikk	145	140	-5
OVF-tilskot	557	557	-
Sum budsjettgruppe 2 og 3	51 567	51 562	-5
Samla tildeling budsjettgruppe 2 og 3		51 562	

Summen av budsjettgruppe 1A og B blir ut fr  dette:

Sum 2021	157 773	156 942	-831
----------	---------	---------	------

### S rskilt om OVF-tilskotet

Tilskot fr  Opplysningsvesenets fond (OVF) blei fordelt p  bakgrunn av s knadar fr  sokner d og organisasjonar til Stavanger bisped mme. S kjarane rapporterer p  bruken av midla, som i st rst mogleg grad blir brukt til   setta i gang nye tiltak.

Heile OVF-tilskotet blei brukt til   st tta relevante prosjekt i kyrkjelydar og organisasjonar. Fordelinga mellom ulike typar form l i 2021 var slik:

OVF	Rekneskap	Budsjett
Administrasjon - 491	10	
Diakoni - 492	185	
Barn og unge - 493	149	
Gudstenesteliv - 494	120	
Kyrkjemusikk og kultur -495	93	
Ovf total (for rapportering til Ovf)	557	557

I budsjettet for 2021 var ikkje bruken av OVF-tilskotet lese inn på ulike prosjektnummer, fordi dette skulle avgjerast i løpet av året. Det er derfor ført opp at alle midla var budsjetterte ut samla.

### Risikovurdering økonomi

Stavanger bispedømme får sine middel frå Kyrkjerådet, basert på tildelingsbrev som skildrar mål, regelverk og retningslinjer som gjeld for rettssubjektet Den norske kyrkja som heile, under dette «Kirkemøtets budsjettreglement», fastsett av Kyrkjemøtet 12.april 2016 (KM 05/16), samt «Økonomireglement for rettssubjektet Den norske kirke frå 01.01.2017».

Det er for Den norske kyrkja inngått avtale om kjøp av økonomitenester frå firmaet Aider AS. Avtalen inkluderer behandling av inngående/utgåande fakturaar, rekneskapsføring, lønskøyering, kontroll, rapportering, logging og oppfølging. Dette gjer at tilsette i kyrkja ikkje aleine kan utbetala eller bokføra beløp i verksemda.

I økonomisystema som er utarbeida av Felles Økonomieining (FØ) er det innarbeidd interne rutinar og kontrollar. Alle transaksjonar skjer elektronisk, med godkjenning frå minimum to ulike personar. Bruken av tildelte middel blir stadig vurdert opp mot vedtatt budsjett for året. Jamleg økonomirapport blir lagt fram til behandling i bispedømmerådet.

Dei mest vesentlege risikoane på økonomiområdet er knytte til mogleg manglande oppfylging av fastsette mål, på bakgrunn av dei tildelingane/ressursane som blir stilte til disposisjon, tilgangen på søkjarar til utlyste stillingar, høg gjennomsnittsalder blant prestane, samt mogleg manglande kompensasjon for den årlege lønnsutviklinga. I 2021 har også situasjonen med pandemi vore ein vesentleg risikofaktor, som har gjort økonomiplanlegging meir uforutsigbar.

### Sluttord

Bispedømme har dei siste åra bidratt til ei effektiv økonomiforvaltning gjennom opprettinga av FØ.

2021 har vore nok eit spesielt år, der me handterte ekstraordinære utfordringar. Medarbeidarane sin innsats og fleksibilitet har vore vesentleg for å møta dette på ein så god som mogleg måte. Det blir viktig også i møte med behova som møter oss i 2022.

Stavanger, 10. mars 2022,



Liv Heidrun Skaar Heskestad  
leiar, Stavanger bispedømmeråd



Jorunn Kraft Vistnes  
stiftsdirektør

## Vedlegg

Årsplan 2021 og 2022

Strategi for Stavanger bispedømme 2019-2022